# Jutulen

## 2017

Årgang 21

Årsskrift frå Vågå Historielag



# Jutulen
# 2017

Årgang 21
Årsskrift frå Vågå Historielag

Redaktør: Knut Raastad

Annonser: Dag Aasheim

Tilretteleggjing for trykk: Visus, Lom
Trykk: Dalegudbrands trykkeri

Vågå Historielag vil rette stor takk til alle som har medverka til utgjeving av Jutulen 2017. Stor takk til artikkelforfattarane som har kome med interessante, lokalhistoriske artiklar! Vidare går takken til dei som har lånt ut bilete, til annonsørane og ellers andre som har gjeve god hjelp.

*Framsidefoto: Frå trekanten mot Formo. Utlånt av Gunnar Gjesling Sandbo.*





*Historielaget har frå Kjell Andersen fått ei samling av bilder etter Ragnvald Berg med mange interessante motiv. Blant desse er bilder som viser rektor på Klones Knut K. Sortdal som ser på nydyrkingsutstyr: bulldoser med plog.*

# Innhald


| | | |
|---|---|---|
| Einar Vigerust: Opegjerd på bygg og fare for forgiftning | side | 4 |
| Anne Sanden Oden: Sjårdalen truskarlag og Syver Teigen | side | 7 |
| Du fer vera velkomi heimat da far! | side | 10 |
| Tor Stallvik: Klonesbua | side | 14 |
| Knut Raastad: Litt om slekt på Klones | side | 16 |
| Vigdis Kroken: Dei farlege Byrberga | side | 18 |
| Reidar Lindseth: Folk frå Vågå bygde unikt fyr! | side | 26 |
| Kari G. Holen: Ei trist hending i Skurdal på Lalm 1896 | side | 29 |
| Knut Raastad: Jakob Sæterdalen og slekta hans | side | 30 |
| Gunnar Ottosen: Offiserer nevnt/bosatt i Vågå 1625-1882 | side | 34 |
| Knut Raastad: Telthuset og eksersisplassen | side | 46 |
| Andreas Molbech Lundh: Krigsraad Lundhs sang | side | 49 |
| Vågå-bygningar på Maihaugen | side | 50 |
| Knut Raastad: Noko om Tolstadskriu og Jo Gjende | side | 56 |
| Helene Hovden: Pioner innan handarbeidsundervisning | side | 58 |
| Ivar Viste Flatum: Gamleskulen i Vågåmo og Arnstein Arneberg | side | 60 |
| Sigurd Evensen: Prolog til budeifesten på Lalm Samfunnshus | side | 63 |
| Ketil Sandviken: Roald Tvedt – i takt med naturen | side | 64 |
| Knut Raastad: Skiguden Ull | side | 66 |
| Gunnar Gjesling Sandbo:<br>Posthistorie for Vågå kommune, Vågåmo 1892-2001 | side | 68 |
| Erik Holø: Dovregubbens hall | side | 76 |
| Vegard Veierød: Paul Jacobsen Kleiven | side | 78 |
| Unn Bostad: Hanna Resvoll-Holmsen | side | 88 |
| Asbjørn Kvarberg: Kvilingsfjøset i Randsverk | side | 94 |
| Jo Kåre Bakke: Frå skog og koie | side | 98 |
| Vågå Historielag: Årsmelding 2016 | side | 102 |

# Opegjerd på bygg og fare for forgiftning

Av Einar Vigerust

Opegjerd er en mangelsykdom på bygg som bare er påvist i Nord-Gudbrandsdal. Den er nå praktisk talt borte. Det typiske for opegjerd var åpne aks eller tomme korn. Årsaken er trolig at befruktningen ikke forgår normalt. Det blir derfor ikke mating av frøanlegga. En tid etter at akset har skutt, siger det ut en tyntflytende væske med en særegen kvalm lukt.

Navnet opegjerd skyldes sikkert at aksene viser seg med «ei ope gjerd». Sykdommen forekom flekkvis i åkrene, det var sjelden eller aldri store sammenhengende partier. Utbredelsen fikk en best inntrykk av når kornet modnet. Mens syke aks sto rett til værs, hellet de friske og tyngre aksene.

I 1943 satte statsmykolog Ivar Jørstad i gang undersøkelser for å klarlegge årsaken. Det var en nær sammenheng mellom opptreden av opegjerd og soppsjukdommen mjølauke. Undersøkelsene ble videreført ved Norges landbrukshøyskole. Det ble etter hvert klarlagt at opegjerd skyldes mangel av stoffet bor som plantene trenger i svært små mengder, mikronæringsstoff. Fra slutten av 1950-årene ble det vanlig å tilsette litt bor til handelsgjødsel. Dermed ble det omtrent slutt på opegjerd. Bygg er ellers en vekst som lett er utsatt for forgiftning av bor, med svartfarging av bladene. På forsøksfelt med bortilsetning kunne vi se tegn både opegjerd og symptom på forgiftning, avhengig av behandlingen av jorda. Slik er naturen, for mye eller for lite forderver alt.

I Norge forekommer det omtrent ikke bormangel på korn, i sterkt borfattig jord ytrer bormangel seg ved sterk busking og uten aksskyting. Jorda i N. Gudbrandsdal har ikke spesielt lavt innhold av bor. Men jordas kjemi i området er ikke som ellers i landet. Sparsom nedbør gir lite stofftap ved utvasking av jorda, tvert imot kan sterk fordamping gi opphoping av enkelte stoffer i overflata, ofte med utfelling av hvite salter i overflata.

## En skade kommer sjelden alene

Opegjerd førte neppe til alvorlig avlingssvikt i Norddalen. Likevel var tomme aks inngangsport for en skummel sopp, som kan forgifte maten. *Mjølauk*e eller *meldrøye* som den også kalles, forekommer på korn og andre grasarter. Det er frøanleggene som blir smittet og soppen utvikler svarte utvekster der frøet skulle vært utviklet.

Navnet på soppen viser at mange så på de store svarte grynene i kornet som en kjærkommen «mjølauke» i dårlige år. Så viste det seg altså at det er en livsfarlig sopp. I et utviklingsstadium i soppens livssyklus opptrer mørke overvintringsorganer som er fulle av næring, det er dens startgrunnlag neste vår.



*Mjølauke på bygg. Tegning: Mari Vigerust.*

For å beskytte seg mot å bli spist, utskiller soppen sterke giftstoffer, toksiner. I oldtida, middelalderen og langt inn i nyere tid forårsaket infisert mjøl fryktelige forgiftninger. Akutt forårsaket det hallusinasjoner og kramper, ofte førte det til en brå død. Dels ble blodomløpet hemmet, og «bein og armer kunne falle av». Først på 1500-tallet ble det allment kjent at det var mjølauke årsaken.

Mjølauke er spesielt farlig ved korndyrking fordi vanlige rensemetoder ved tresking ikke fjerner den. I dag undersøkes norsk korn nøye ved levering. Felleskjøpet har strenge grenser til innholdet av mjølauke i korn som leveres. Over 0,2 % i kornet fører nå til pristrekk og med over 1 % blir hele kornpartiet avvist.

I forsøkene der opegjerd forekom, kunne forsøksruter ha aks med over 50 % mjølauke. Likevel må opegjerd ha vært en farlig kilde for giftstoffer i maten, i tillegg kunne opegjerd spre smitte av soppen til deler av åkrene som var uten opegjerd.

Vi har ikke kjennskap til om mjølauke kan ha vært årsak til alvorlige forgiftninger i distriktet der opegjerd var utbredt. Ut fra dagens forsiktighet kan folk i Norddalen i tidligere tider ha vært i faresonen. Opplysninger som kan tyde på spesielle sykdomsutbrudd, bør absolutt ha interesse.


*Svarte sklerotier av farlig mjølaukesopp i renset korn.*

Fra gammelt av var storparten av det hjemmeavla kornet spist av gårdens folk og dermed en direkte påvirkning. Ved dagens kornproduksjon derimot blir korn fra store distrikter blandet og markedsført til en stor befolkningsgruppe eller som kraftfôrblandinger til dyr.

Denne distribusjonen gir en sikker fortynning av skadestoffer begrenset til lokale opphavsteder. Til tross for slik sikkerhet er restriksjonene nå meget strenge. Opegjerd og mjølauke har i dag ingen betydning i dagens jordbruk i Nord Gudbrandsdal. Likevel har kanskje en kort omtale historisk interesse?

Kilde:
Einar Vigerust og Yngvar Vigerust. 1972. Opegjerd på bygg.
Ny Jord nr. 4
Søk ellers på «mjølauke» på Internett.

Tillegg v/red.: På Sande vart det på eit jordstykket som heiter Ekra alltid sådd berre havre fram til at det vart vanleg med bor i kunstgjødsla, kanskje midt på 1950-talet.

# Sjårdalen truskarlag og Syver Teigen

Av Anne Sanden Oden

Når Sjårdalen truskarlag vart starta veit eg ikkje, men det var i alle fall i full aktivitet i 40 og 50-åra og nok litt inn på 60-talet. Alle bruk hadde ein kornåker, til matmjøl og til grøype til dyra. Eg hugsar at eg som jentunge fleire gonger var med far og køyrde kornlass med hest og slede til mølla ved Nugga. Eg vart og såpass stor medan truskarlaget var i bruk at eg stod i kassa og mata verket med lo. Eg er usikker på kven som var med i dette truskarlaget, men det var i alle fall Sanden, Mesveen, Nylykkja, Jehanssveen, Nystuen, Sveahaugen, Nordre Lykkja, Stokstad og Nistugu. Det var slik at ein vinter var verket stasjonert på Nistugu og trusken starta der om hausten og gjekk nedover så Sanden vart sist, og verket stod der til neste haust da trusken starta der og gjekk oppover.

Det skulle til mykje folk til arbeidet. Verket skulle monterast opp med halmvifta, røyrsystemet, veslemotoren og stormotoren. Loa var hesja eller sett i råer og dette vart køyrd fram til fjøs/låve med hestar og høyvogn. Ein kar måtte kaste loa oppå verket, ein kar mata verket, ein passa kornsekkane og agnen, ein mata halmvifta og ein tok unna halmen på låven. Alle som hadde moglegheit var med i truskinga frå Nistugun til Sanden, det var samhald og dugnadsånd. Sanden som dei fleste andre bruk brukte to eller tre dagar på truskinga, og det kunne nok bli trangt når såpass mange skulle inn i dei små stuguene å eta.

**Syver Teigen 16.7.1879 – 5.12.1952**
Hausten 1948 starta truskinga på Nistugu og gjekk nedover. Far var med heile vegen nedover, og da dei var ferdige i Mesveen skulle dei hit til Sanden så far spurte med folk hit. Syver Teigen var ein av dei som var med i Mesveen, så han fekk lovnad på Syver og. Syver var frå Teigen her i Sjårdalen, han var lausarbeidar og tok forefallande arbeid rundt om på gardane i Vågå, sikkert ofte mot mat og seng. Truskinga her gjekk sin gang første dagen, Syver hadde anledning til å vera med andre dagen og så han overnatta her. Andre truskardag gjekk og til endes og truskinga var over for det året. Far spurte da kva Syver skulle og fekk til svar at

han fekk sjå borti gardane om det var noko han kunne gjera. Far spurte så om han kunne tenke seg å vera med her og laga til noko ved o.l. Det ville Syver gjerne og etter det var Syver her i fleire år. Han hogg ved og lagra og bar inn, han bar vatn til fjøs og stugu og elles var han med i alt forefallande arbeid her på Sanden.

Stugu her var ca 56 kvadratmeter og hadde to rom, så det var ikkje stort å briske seg på, men det høyrdest aldri ut til å vera noko problem. Syver hadde svært stor omsorg for oss her på Sanden. Medan eg var lita så var det ikkje langt i mellom at han kom og pikka på klævaglaset og spurte korleis det stod til med ho Vesl Marja, særleg dersom eg t.d. var forkjøla eller noko så spurte han mange gonger for dagen. Eit anna døme på hans omsorg for oss fortalte Barbro og Iver A. Saghaugen meg etter at eg var vaksen vorten. Far var ein del borte på arbeid, som og kunne vare utover kveldane. Mor var på denne tida svært myrkredd og likte ikkje noko særleg å vera einsleg heime. Syver brukte nesten kvar kveld å gå til Granlund for å høyre på nyheitene i radio, her var det ikkje slikt i den tida. Viss eg og mor var einslege heime, så hadde han knapt tid til å setja seg medan han høyrde nyheitene, for som han sa så var mor einsleg og det likte ho ikkje så han måtte oppover att. Kvar søndag så var han i Granlund og høyrde på messa i radio. Låste dører fekk han nærmast panikk av, så her var det brukt berre ein krok til å «låse» døra med så lenge han var her.

Eg har berre nokre få glimt av minne etter Syver. Kyrne her var med i Stokstadsetra der bestemor Anne Sanden Jukulen setra. Mor og far følgde da våre kyr opp bakkane og forbi Olashovda der dei tok vegen sjølve. Dette året spurte Syver om han kunne ta meg med til Solli, der bror til far Asmund var busett. Det fekk han lov til og eg hugsar eit glimt at vi stoppa ved Stokstad og han peikte og fortalte kvar råket som mor og far gjekk var. Eg hugsar og at han heldt meg fast og godt i handa oppover. I Solli var det fem jenter, frå min alder og oppover, så det kunne vel i blant bli nokså livleg og eg hugsar eit glimt der Syver var oppe med peikefingeren og sa at eg måtte vera snill og roleg jente. Likeeins da vi skulle ha traktering så hugsar eg han sa til meg at eg måtte sitja pent og vera lugum jente.

Nokre gonger vart Syver svært uroleg og rastlaus, da gjekk han ut og vart borte timesvis og i blant til dagen etter. Mor og far skjønte at noko plaga han, men han sa aldri noko om kva det var. Etter lang tid tok far til å «lure» seg etter han for å sjå og det viste seg at han var veldig plaga av lyske- og bukbrokk. Når det vart som verst gjekk han ut i skogen i bakken bak fjøset, der la han seg ned med hovudet nedover, det gjorde at brokket glei på plass att. Syver var livande redd for doktor så det var ikkje snakk om at han ville dit. Men det vart så skrøpeleg at far bestilte doktor likevel og Eva Ekre kom, da vart Syver nærmast vettskremt, men det var ikkje anna råd enn at han måtte på sjukehuset til operasjon.



*Syver Teigen, passfoto frå 1941. Opplandsarkivet Vågå.*

Far torde ikkje å ta han hit att direkte frå sjukehuset, han var redd for at Syver skulle gå på i arbeidet slik at brokksåret gjekk opp att. Det at han ikkje kom hit att frå sjukehuset prata far ofte om at han angra på. Syver kom i staden til Gamleheimen, der rømte ha frå og kom hit til Sanden. Det er siste minne eg har om Syver, han kom inn og sette staven sin på den vante plassen innanfor døra, sette seg ved omnen og tok meg på fanget. Det rann tårer frå Syver medan vi sat der. Om kvelden kom det folk frå Moom og henta han att til Gamleheimen. Det gjekk etter dette berre stutt tid før han blei funne død nedmed Finna. For oss her på Sanden var Syver eit snilt, omsorgsfullt og arbeidssamt medmenneske, men som nok også hedde fått smake livets bakside i si tid.

# Du fer vera velkomi heimat da far!

Jan Visdal har teke vare på eit avisutklypp om da bestemor hans tok i mot far sin som kom att frå Amerika. Artikkelen stod i Aftenposten i 1949 med signaturen Amie. Anders Bakken (1883-1951) frå nørdre Bakken i nørdre Lia i Lom vart i 1902 gift med Ragnhild (1882-) midti Vesleseter i søre Lia. Dottera Hanna (1902-1990) voks opp hjå besteforeldra i Vesleseter. Anders og Ragnhild fekk i Amerika tre barn til, Rictor, Bernard Ingvald og Peder. (Gail Bakken, g.m. barnebarn til Bernard, skriv på facebook at Ragnhild og sonen Rictor døydde i Glendive Montana av influensa i 1918, avisartikkelen nemner at ho døydde tidlegare). Hanna vart i 1923 gift med John Visdal (1890-1957). John Visdal var født i Amerika og kom til Norge i 1901, i 1912 reiste han til Amerika att og var der til han var 33 år gammal. To av onklane til Hanna, Syver og Kristoffer Vesleseter, var gifte med systrene til John, Hanna og Oline Visdal.

**Så til avisartikkelen:**
I 1903 dro unge Anders Bakken frå småbruket sitt oppe i Liagrend i Lom ned til Christiania og videre over havet til Amerika. Tre år senere kom han tilbake og hentet den unge konene sin over. Den vesle datteren, 4-åringen Hanna lot han bli igjen hos besteforeldrene, hun hadde det bedre der – han skulle komme og hente henne når han bare fikk «settled down» der borte, skapt et nytt hjem i den nye verden. Men årene gikk og vesle Hanna ble i Lom. Faren strevde hardt for å få endene til å møtes, og tiden gikk.

Da Hanna var 9 år kom brevet om morens død. Så gikk tiden igjen. En dag giftet Hanna seg med Jon Visdal i Vågå. Fra Lom flyttet hun over til den nye gården, høyt og fritt oppe i åsen ovenfor Vågåmo. Og Amerikabrevene fant veien dit. I brevene sto det at far arbeidet i minene, og at han snart håpet å komme over, ikke for å hente Hanna mer, men for å treffe henne igjen.

I går sto en liten tettbygd, senet kar ved relingen på «Stavangerfjord». Ansiktet var slitt og det lå et lett slør over de sterkt blå øynene. Men det svarte håret hadde ingen gråstank til tross for de 66 år. Det var Anders Bakken. Inne på bryggen sto en staut, vakker bondekone og stirret mot skipet. Hun hadde rondastakk og rutaliv, og det hvite skautet hennes lyste lang vei. Det var Hanna Visdal. – Du fer vera velkomi heimat, da far! – sa Hanna da Anders sto foran henne, og hun kunne trykke ham i hånden for første gang på 43 år. De var alvorlige begge to, de viste ikke følelsene sine noen av dem, men det blinket tårer i øyekroken.

En stund senere fant vi dem igjen i en liten, brunmalt villa oppe på Grefsen, hos venner fra Lom. De satt ved kaffebordet, med rømmebrød og bakkels som Hanna hadde brakt med seg hjemmefra. Det ble mest Anders som snakket. Han fortalte om tiden i Amerika, om de første årene han arbeidet ved jernbanen, og årene han slet under jorden i sinkminene og blyminene i Idaho. – Det var stygt, farlig arbeid, sier Anders, vi arbeidet fra 1500 til 3000 fot under jorden, 8-10 timer om dagen. Jeg ødela øynene mine, og ser ikke stort mer uten briller. Det var alt det elektriske lyset som tok synet. Jeg bar lykten i hatten, ser du, og hvilken vei jeg «tørnet» hodet, så hadde jeg lyset der som skar i synet. Det var stridt, men nu er det over.

–Og så holdt du forbindelsen med Hanna pr. brev? – Ja, vi skrev både titt og ofte. Under krigen studerte jeg på hvordan det gikk med folket der hjemme, det kom ingen brev da, og det var en vond tid. – Og nu går turen til Vågå? – Ja, på torsdagen skal vi reise, svarer Hanna. – Jeg har vært her siden fredag. Det er første gang jeg er i byen, og det har vært mye å se. Alle forretningene, Slottet, og søndag var jeg i gudstjeneste i Ullern kirke. Men gildest var det da «Stavangerfjord» kom. – Du kjente ham igjen med en gang da? – Ja, med en gang, du vet jeg har fått en del fotografier i årenes løp. – Jeg kjente Hanna også, sier Anders stille. – Langt ute i fjorden så jeg det hvite skautet hennes, og sa til meg selv: Der står Hanna! … Det var et rart møte.

– Og så rart blir det vel også å se Gudbrandsdalen igjen? – Å jo, du vet. Det blir så rart å se Lomseggen igjen, se det blåne i snøfjell innover Jotunheimen, gå på kirkevangen i Vågå en helgedag. Eller tenne pipa nede på låvetrappen, bare sitte der og glane: se høyet bli kjørt inn, se rognetrærne, og bjørka som gulner i lien. Det er liksom bilder som har fulgt meg det,



*Familien på nigard Visdal ca. 1930.*
*Asbjørn på armen til John, Hanna,*
*Ola og Kari med Ragnhild på armen.*
*Fremst Klara og Ragna Sæter og Ola Visdal.*

når tiden ble lang nede i minene. Og så skal jeg ta fiskestanga og prøve lykken i Finna eller i småbekkene oppe i Vågå. Men aller mest gleder jeg meg til å se barnebarna – hun har 9 barn hun Hanna, og et barnebarn. Det blir mitt barnebarns barn det!



Jeg reiste da Hanna var 4 – nu kommer jeg hjem som oldefar. Det er langt livet, og takk og pris for det! – Hvor lenge blir du i Vågå? – Det blir så lenge de vil ha meg det, svarer Anders Bakken.
– Da blir han for godt, han far! svarer Hanna Visdal.

# Klonesbua

Av Tor Stallvik

Frå hytteboka 1992:
Ei bu med så mykje historie som Gjendebue (Klonesbua) burde hatt ei hyttebok for lenge sia. I det austre selet er årstalet 1874 hogge inn i ein tømmerstokk, men vi veit vel ikkje om Klones hadde fiskebuer ved Gjende før Blackwells tid på garden. Dotterdotter hans, Marit Campbell, fødd Fabritsius, testamenterte denne bua og studioen til personalet på Klones. Bua vart restaurert og har vorte brukt av staben på skulen.

Søndag 26. juli hadde vi ein interessant samtale i Hellebua med Alice og Arthur Sclater og Hans Furuholmen. Dei fortalde at dei to buene stod i vinkel frå gammalt. Det kan ein sjå på biletet av Jo Gjende som er teke ved bua i 1870-åra. Arthur Sclater har vore fast gjest ved Gjendeosen heilt frå ungdommen. Hans far var gift med Emma Blackwell, men dei hadde ikkje barn. Arthur er frå farens tredje ekteskap. Alice er norsk, fødd Collett. Hans Furuholmens bestemor var Marit Sve (gift Olsen), syster til Mari som var gift med Blackwell. Ei tredje søster, Kari, var gift Valle på Fellese, og Hans Furuholmen har mange minne frå grandtanta frå Fellese. Dei var barnlause. Det var Marit Sve Vinje vart forelska i den vinteren han budde på Klones, men Tor Sve syntest nok ikkje Vinje var den rette svigersonen. Sigmund Skard har i brevutgåva av Vinje sine etterlatne brev lese Marit for Mari, og gjort Vinje til beundrar av sjølve fru Blackwell.

Det var Hans Furuholmen som var Marit Campbell sin testamentfullbyrdar og som hjelpte Marit da ho kom tilbake til Noreg som enkje da Victor Campbell døde. Han var forresten med Scotts polekspedisjon til Sydpolen i 1912. Hans dagbokoppteikningar er utgjevne i bok som Arthur Sclater viste oss i dag.

Arthur Sclaters far Francis kom kvar sommar til Noreg til først på 30-talet. Han døde i 1933, 90 år gammal. Det var han som bygde doen først på 30-talet. I gjesteboka har han skrive ein Ode til Marit om dette. Han bygde og på vedskotten vestom Studioen for å romme ein større båt han



*Gjendesheim 1897. Vi ser Francis Sclater fremst til høgre.*
*Foto frå Grete Steigen.*

hadde. Alice Sclater budde i mange somrar i Jobue. Marit var hennes gudmor og ei god venninne av mora. Alice traff Arthur her i Gjendebue.

Marit Fabritius traff Victor Campbell på slottet i England. Ho var den gongen hoffdame til dronning Maud og følgde henne til England da ho besøkte broren Kong Georg og droning Mary. Dei fortalde (Arthur, Alice og Hans) om Blackwells ungdomsvenn Theodore Rathbone og om dotter hans May, som budde her ved Gjende mange somrar til ho var langt opp i 90'.

Så til notida. Dette er tredje turen vår i Gjendebue. Første gongen var sommaren 1990. I påska 1991 var vi og alle ungane her ein heil dag. Ungane vart heilt fortapt da eg fortalde frå Klonessoga. Særleg segna om Mr. Croach, andre mannen til Mari Sve, og ryktene om at han skulle ha forgifta Blackwell (han var livlegen hans) – og om brevet Croach sende Peter Tronhuus som han (P.T.) brende utan å lese det. Nei, no vart det historie att – nesten umulig å unngå inna desse fire veggene.

# Litt om slekt på Klones

Av Knut Raastad

Det er skrivi ein god del om folket på Klones i tida til engelskmannen Eardley John Blackwell og hans etterkomarar. Likeeins eksisterer det mange bilder av familien og deira nære slektningar. Det er likevel ikkje alltid enkelt å få med seg familierelasjonane mellom mange av dei.
Vi skal her sjå litt på dette.

Tor Sve (1799-1873) gift med Kari nigard sør Sandbu (1806-1896), dei hadde barna
Anders Harildstad (1836-1866)
Mari (1837-1895), g.m. E.John Blackwell (1831-1866), barna var
Emma Elisabeth (1857-1898) g.m. Francis Slater
Kari (1859-1899) g.m. J. Fabritius, dottera var Marit g.Campbell
Kari (1839-1920) gift 1859 med Ole Valle (1834-1907), på Fellese
Marit (1841-1915), g.m. Hans Hysing Olsen (1837-1901), han var sakførar i Vågå 1865-1878. Han overtok uppigard Viste etter Marits tante og hennar mann, han kjøpte også nigard Viste og slo i hop gardane. Marit og Hans hadde barna:
Paul Nicolay Olsen (1867-1931) g.m. Dikka Holmboe (1868-1941)
Kari Olsen f. 1868
Inger Olsen f.1872 g.m. Godtfred Furuholmen f. 1873
Thor Olsen f. 1874 g.m. Gerda Hesbøl f. 1882

Eardley John Blackwell hadde ein bror James Edvard Blackwell (kalla geneal Blackwell) som var mykje hjå familien på Klones og i Jotunheimen. Etter at Eardley John Blackwell døydde gifta Mari seg opp att med William Duppa Crotch (1831-1903).

Jonathan Julius Aars Fabritius (1852-1916) var boktrykkar i Kristiania. Foreldra var boktrykkar Wilhelm Christian Keilhau Fabritius (1816-1887) og Karen (Kaja) Elisabeth Aars (1824-1896), ho var syster til presten i Lom Nils Fredrik Julius Aars (1807-1865). Kari og Jonathan Fabritius hadde dottera Marit (1890-1975), ho vart 1928 gift med Victor

Campbell (-1956). Jonathan Fabritius vart gift andre gongen med Ellen Jensen (1874-1943) frå Drammen, dotter til kjøpmann Hans Peter Jensen og hustru Maren Kristine Johnsen.

Jonathan Fabritius hadde ei syster Eugenie (1855-1900) som var gift med Erling Nielsen (1851-1907), son til telegrafdirektør Carsten Tank Nielsen og hustru Alvilde Olsen. Erling og Eugenie Nielsen hadde barna Alvilde f.1881, Kaja Elisabeth (1877-1907), Erling (1879-1942) og Reidar (1890-1960). Reidar var far til Grete Steigen som historielaget har fått mange bilder frå.

Francis Sanderson Sclater (1853-1933) trefte Emma Elisabeth Blackwell da han var på ei lengre Norgesreise i 1875, dei vart gift i 1878. Etter at ho døydde i 1898 vart han gift med Kaja Elisabeth Nielsen og dei fekk fire sønner, som vi har sett var Jonathan Fabritius onkelen hennar. I 1909 gifta Francis Sclater seg for tredje gong med Hedda Beer og dei fekk sønnene Arthur og Henry.

Francis Sclater kjøpte Hellebua frå garden Helle og da han døydde fekk Marit Campbell bua. Da Marit døydde hadde ho ordna at Arhur Sclater og ektefella Alice f. Collett og sønnene deira skulle disponere bua på deira tid.

Kjelder:
wikipedia
Jørgen Espelund: Klones i Vågå, 1999
John Sclater: Norwegian Odyssey, 2015
Lars Kristian Steen: Her er vårt egentlige slott, GD 14.8.1999
Pål Øystein Kvarberg: Slekter i Vågå og Lom, 2000

# Dei farlege Byrberga

Av Vigdis Kroken

Ingen stad i Ottadalen har det skjedd så mange ulykker som ved Byrberga. Mange har mista livet. Mange av vegane i Ottadalen vart bygde for hesteskyss,og det tok lang tid før vegstandarden vart tilpassa bilane. Vegane gjennom Ottadalen vart bygd i etappar, frå Otta til Garmo i åra 1860 til 1865,vidare frå Garmo til Lom i åra 1894 til 1898 og frå Lom til Dønfoss frå 1906 til 1912. Maksimalfarten var 35 kilometer i timen, i mørkret berre 15 kilometer. Ved Byrberga, på grensa mellom Vågå og Lom, vart det slått opp skilt som fortalde at maksimalfarten var 15 kilometer anten det var mørkt eller ljost. Ikkje alle tok dette heilt på alvor. Det blir fortalt ei historie om ein sjåfør i OGS, det interkommunale selskapet Otta Geiranger Stryn, som hadde politimeisteren i baksetet på tur nedover til Otta. Da politimeisteren fann farten mistenkjeleg høg, gjorde han merksam på dette.



«Forbodet gjeld berre den motsette retninga», var sjåførens raske svar. I NAFs vegbok som kom ut i 1928, heiter det om vegen forbi Byrberga at han var smal og krokete.

**Stengd i fleire veker**
I 1938 var det storflaum i Gudbrandsdalen. Fleire elvar gjekk over sine breidder, og vegen mellom Vågå og Lom vart stengd i fleire veker.



*Gammalt bilde frå Byrberga.*

Flaumen kom i månadsskiftet august og september, etter ein sur og kald vår der varmen fyrst kom rundt 10. juli. Ettersommaren var varm og tørr, men så kom regnet dei siste dagane i august. Dei verste dagane vart det målt 100 millimeter nedbør i Skjåk, som var ein tredjedel av årsnormalen. Fleire stader vart vegane grave ut av vassmassene, og vegen forbi Byrberga vart stengd av ras i nærare fire veker.

### Lastebilen som forsvann

Ein lastebil frå Sogn, med ein stor firehjuls hengar, var om kvelden sundag 10. august 1969 på veg nedover Ottadalen. Over førarhuset var det eit skilt som fortalde at det var ein «Globe Norwegen» som var på vegen, ein blålakkert 1968-modell Magerius bulldag. Skiltet fortalde at oppdragsgjevaren var eit selskap med tradisjonar, med røter attende til 1926. Selskapets verksemd var knytt til nasjonal og internasjonal distribusjon. Bak rattet sat 47 år gamle Kjell Bolstad frå Stryn. Han hadde, som så mange andre frå Stryn, slekt på den andre sida av fjellet, nemleg i Skjåk. Sjølv budde Bolstad i Hjelledalen.



*Vegarbeid ved Nesset, høgtro i bakgrunnen.*
*Foto etter Kristian Ulsanden, Vågå historielags fotoarkiv.*

Ikkje langt etter traileren kom regionplanleggjar Rolv Øvstedal frå Otta køyrande. Han var også på veg nedover Ottadalen. Klokka hadde passert 18.00. Dei hadde rulla gjennom Fossbergom i Lom, køyrt gjennom Vårdalen og Garmo sentrum. Snart kom dei til Byrberga. Øvstedal låg like bak trailetren. Plutseleg skjente trekkvogna over til høgre og så raskt til ventre. Bilen tom med seg ein betongkloss som var lagt opp på yttersida av vegbana og styrta utfor. I motsett køyrebane kom ein britisk heimebygd campingbil. Sjåføren greidde å stoppe i god tid, så han unngjekk kollisjonen da traileren frå Stryn kom over i hans køyrebane og forsvann ned ura mot Vågåvatnet. På ein blunk var menneska i dei to andre bilane ute for om mogleg å kome dei som var i traileren til assistanse, men berre luftbobler og olje strøymde opp på overflata.

**Hugsar det godt**
På ulykkesstaden starta Rolv Øvstedal bilen att og køyrde til næraste gard. Hjå Ola Byrøygard fekk han låne telefonen og ringde til vakthavande lensmann. Det var Kurt Johansson på Otta. Han hadde allereie fått telefon frå eit anna augevitne, som hadde sett det heile frå ein gard på solsida.

I Garmo høyrde 19-åringen Jan Randen smellet sør i Byrberga. Han forta seg å køyre mot Vågå. Broren Håkon sat ved sida av. Da dei kom til Byrberga, stod det ein stor engelsk varebil på venstre sida av vege. Midt i den smale vegen stad ein engelskmann og vinka. Dei to garmogutane sprang ut og fram til ulykkesstaden. Det kom boblar opp frå Vågåvatnet, og plutseleg braut eit trailerflagg eller ein vimpel vassflata. – Eg hugsar det godt den dag i dag. Det kom flytande opp eit raudt trailerflagg, fortel Jan Randen, 46 år etter hendinga.

Kor mange var det i bilen? Var føraren åleine, eller var det fleire? Somme vitne meinte dei hadde sett to menn i førarhuset, og dette spørsmålet skulle oppta mange menneske etter utforkøyringa. Det kom inn meldingar om at nokon var sakna i distriktet, og politiet konkluderte etter kvart med at dei motstridande vitneutsegna kunne ha sin årsak i at det var stor trailertrafikk på strekninga.

**Vognkortet flaut opp**
Måndag morgon var lensmannsfolk frå Vågå og Otta på ulykkesstaden saman med to froskemenn frå Falken og friviljuge frå Lom. Bilen vart



*Utforkjøring i Garmo, Koop handelslag står det på bilen. Foto etter Ragnvald Berg, Vågå historielags fotoarkiv.*

ikkje funne trass i at dei to froskemennene var nede på 40 meters djup. Dagen etter var det ingen søk utanfor Byrberga. Spesialutstyr som skulle lette søket var bestilt, men det var folk på staden da vognkortet til bilen plutseleg flaut opp. Dokumentet kom opp langt unna staden der dei trudde bilen låg. Lensmannsfolka fekk stadfesta at det var lastebilen frå Stryn.

Årsaka til utforkøyringa var ikkje klar. Augevitne hadde fortalt at bilen køyrde sakte. Det var ingen bremsespor på den fire meter breie vegen, og sjåfør Bolstad var dessutan erfaren og godt kjend på vegen gjennom Ottadalen. Eit fjellutspring kunne vera årsaka, meinte somme. 2,75 meter opp i berget var det måling eller lakkrestar. Bergnabben, som stakk ut 65 meter før staden der traileren køyrde utfor, kunne tyde på at bilen hadde fått ein skrubb som hadde gjort at sjåføren mista kontrollen.

**Froskemenn søkte etter vraket**
Under arbeidet utpå vinteren vart det sett opp eit telt på Vågåvatnet. To dykkarar hadde med seg mykje utstyr, blant anna ljos som gjorde det mogleg å lokalisere bilvraket. Det vart saga eit hol i isen, og gjennom

dette holet forsvann dykkarane. Rundt det store holet og oppe i ura samla det seg ein del folk som ville følgje det nye kapitlet i Byrbergas dramatiske historie. Ein av dei var Jan Randen, som sommaren før hadde kome tidleg til ulykkesstaden. Det var den sommaren han hadde jobb hjå Kari og Knut Lund på den tradisjonsrike fjellstugu Bessheim øvst i Sjodalen. Her vart Jan Randen kjend med ein froskemann frå Oslo Dykkerservice: Per Kristiansen, busett i Bærum.

«Hei, kjenner ikkje vi to kvarandre frå før?», sa ein av dei to froskemennene i Oslo Dykkerservice til Jan Randen da han nådde isen og holet. Randen undra seg: «Eg trur ikkje eg gjer det med den maska du har på», svara han. Froskemannen smilte. «Bessheim i fjor sommar» minna dykkaren ungguten om. Så la han til: «Vi får prate meir når eg kjem opp, eg må ein tur ned». Han tok ein av vaierane som skulle festast på trailervraket og slapp seg ned i holet. Kollegaen tok med seg den andre delen av vaierstumpane som skulle knytast saman etter at dei var festa til bilen.

Dykkarene forsvann ned i vatnet. Neste gong Jan Randen og dei andre skulle sjå dykkarane att, var den eine av dei død. 20-åringen frå Garmo var med på å trekkje han opp. Dykkaren fekk truleg flerra maska under arbeidet med vaieren, var konklusjonen lensmannsbetjent Georg Gjevre trakk. Det nye søket hadde kravd eit nytt liv. Dødsfallet gjorde inntrykk, og det vart derfor stillstand i arbeidet med å fp heva bilentil sommaren 1970. Da vart vaierane på nytt festa til traileren, og den vart buksert over vatnet der ein rusten lastebilchassis utan førarhus dukka opp frå det bregrøne Vågåvatnet. Denne gongen var det dykkarar frå Falken Redningskorps som gjorde jobben.

## Nye uhell

Like etter at traileren frå Stryn forsvann ned i Vågåvatnet, kunne vegsjef Sigmund Vårdal i Oppland forsikre at dei planla omlegging av vegen ved Byrberga. Vegen var tenkt lagt i skjering, slik at vegvesenet slapp omfattande og kostbart tunnelarbeid. Ombyggingsarbeidet skulle starte så snart det var midlar til rådvelde. I mellomtida skjedde det nye ulykker. Ein tyskar, som køyrde nordover Ottadalen i folkevogn, vart blenda av sola og skumpa borti stabbesteinane langs skråninga ned mot vatnet. Bilen vart kasta rundt og vart totalvrak, men tyskaren slapp frå det med skrekken.

Natt til laurdag 24. august 1969 skjedde det att. Ein Skoda Octavia var på veg oppover Ottadalen. Ekteparet Målfrid og Jan Østhagen skulle til Skjåk på slektsbesøk. Plutseleg var dei berre ein hårsbredd frå den visse død da bilen vart ramma av ei fjellblokk som datt ned på riksveg 15. Fleire store steinar datt ned på panseret på bilen. Så dundra fleire tunge blokker ned på delar av taket og klemde det halvvegs ned. Skjermen, døra og støtfangaren vart maltraktert. Bilen vart vrak. Jan Østhagens son køyrde bak sonen, og saman med sine passasjerar styrta han til og fekk ekteparet ut av bilen. Jan Østhagen sat fastklemt. Både lege og politi vart tilkalla, og dei to vart køyrt til sjukehuset i Lillehammer. Ulykkesstaden var 500 meter frå der lastebilen frå Stryn hadde køyrt ut to veker tidlegare. Det hadde regna i Ottadalen før ulykka, og det måtte vera grunnen til at det dårlege fjellet rasa ut, meinte ekspertane.

**Fleire dødsulykker**
Tunnelen i Byrberga kom i 1973. I 1985 mista tre personar livet med ti dagars mellomrom, den fyrste dødsulykka på grunn av ein kollisjon, den andre på grunn av eit ras. Her var det eit tysk ektepar som mista livet. Klokka hadde passert 13.00 den 31. juli 1985. Eit vesttysk ektepar var på veg mellom Lom og Vågå. Snart kom dei til Byrberga. Der dreiv Statens vegvesen oppreinskingsarbeid i den 30 meter høge og loddrette fjellveggen. Medan arbeidet pågjekk, vart trafikken stansa. Opprein-skingsarbeidarane oppe i fjellsida tok pause. Maskinane fekk klargjort vegbana på Vågå-sida av den 600 meter lange tunnelen før dei ventande bilane vart vinka fram. Omtrent samstundes losna det ei stor steinblokk oppe i lia. Arbeidarane i bergsida kunne makteslause sjå på steinen som glei nedover skråninga. Den kom veltande ut i vegbana og traff den tyske bilen. Bilen vart knust, og dei i bilen vart drepne momentant.

**Byrberga tok to nye liv**
Måndag 1.november 1993 var 36 år gamle Bjørn Gården og den to år eldre Tor Arne Kleiven frå Vågå i arbeid med steinreinsking langs den gamle riksvegen på utsida av tunnelen i Byrberga. Dei to vagverane var i gang med å reinske etter eit ras på gamelvegen. Det var eit kurant rutineoppdrag dei to karane hadde fått. I gravemaskina sat Bjørn Gården. På garden Nyrnes på den andre sida av Vågåvatnet høyrde dei plutseleg eit drønn ved 11-tida. Dei såg gravemaskina falle den 40 meter lange skråninga nedover mot Vågåvatnet. Gravemaskina forsvann. På Nyrnes greip dei telefonen og fekk varsla om ulykka.



*Magnus-stugu 1933. Fotoutlån: Ruth Bergdølmo.*

På ulykkesstaden sprang Tor Arne Kleiven mot bilane på riksveg 15 for å varsle om det som skjedde med arbeidskameraten. Han segna om. Hjartet svikta. To nye liv hadde gått tapt i Byrberga.

**Raset i 2006**

Ein sundag sommaren 2006,etter at regnet hadde hølja ned i fleire timar, gjekk det eit stort jordras over og ved sida av tunnelen. Politiet anslo raset til å vera om lag 150 meter breitt og 15 meter høgt. Riksvegen vart stengt, og det vart innført kolonnekøyring på fylkesveg 468. Også der gjekk det ras, og vegen vart snart stengt. Både politiet, brannvesenet, ambulansar, vegvesenet og sivilforsvaret rykka ut til rasstaden.
Etter kvart fekk dei oversikt over skadane: Om lag 30 meter av riksvegen hadde rasa ut, her var det eit krater som var åtte meter djupt på der verste. Måndag ettermiddag vart områda ovanfor rasstaden inspisert frå helikopter, og her låg det store mengder lausmasse i fjellskjeringane. Gjenoppbygginga etter raset i Byrberga kunne snart starte.

**Redd for nye ras**

Frykta for nye ras og ulykker i Byrberga er der. Til avisene i 2006 uttrykte Torstein K. Garmo uro over det han meinte var ein overhengande rasfare. «Mange ottadølar føler seg usikre når dei køyrer her. Mange glyttar opp i dalsida», sa Garmo.

Kjelder:
Jan Vidar Lie Pedersen: Drama i dalen, bind 3 og munnlege kjelder.
Artikkelen er også publisert i Fjuken.

# Folk fra Vågå bygde unikt fyr!

Av Reidar Lindseth




Villa fyr, på øya Villa i Flatanger, ble tent i 1839. Det var det første fyr nord for Trondheimsfjorden, og det siste kullblussfyr som ble bygd. Byggeleder, og den første fyrforvalter, var Amund Hansen fra Valle ved Tønsberg. Ca. 70 mann var i arbeid i to år, unntatt desember, januar og februar. Det er bygget i huggen gråstein, kleberstein og teglstein, i alt 55 000 stein. I tillegg til fyr ble det på disse to åra bygd bolig for fyrforvalteren, fjøs, kai, to naust, to kullager, smie og forlegning for arbeidsfolket. En formidabel oppgave.

Mange arbeidere var fra Vågå (se tekst fra informasjonshefte om Villa Fyr), og vi ser kanskje rester av murerkompetansen ennå i dag. Noen kan kanskje finne forfedre som arbeidet på den ytterste øy. Det som skjedde var at det var folk fra Vågådistriktet som ble innleid av staten (etter forespørsel fra presten Schnitler Krag). Dette var i 1838-39.

Fyret ble ombygd til oljefyring i 1859. Siste gang det brant var april 1890, da nye fyr gjorde Villa Fyr overflødig. Det fungerte så som losstasjon fram til 1939. Fyret, med tilhørende bolig, naust og kai er fredet. Villa Fyr venneforening, som ble stiftet i 1976, har ansvar for vedlikehold og forvaltning av et unikt kulturminne. Hele anlegget er i dag i god stand, og framstår som et flott kulturminne.

Dette er det som er skrevet om arbeiderne fra Vågå og Møre i infohefte om Villa Fyr (utgitt 1989):

### Arbeidskraft fra Vågå

*En del arbeidskraft fikk man både fra Flatanger kommune og omegn, men de aller fleste fagarbeiderne fikk man fra Møre og annen arbeidskraft fra Vågå(!). Arbeidsfolket man fikk fra Vågå har sin egen historie. Først på 1800-tallet hadde vi i øvre Namdal en prost Peter Schnitler Krag. Denne prosten hadde særlig omsorg for sin menighets ve og vel også utafor det som angikk kirken......... Han flyttet i 1830 nedover til Vågå i Gudbrandsdalen. Midten av 1830-åra var «mose og barkebrødstider» i Gudbrandsdalen. Avlingene var små og fattigdommen stor. Prost Krag tok da kontakt med den nye fyrdirektør Arentz og anbefalte at det ble inntatt «en del dyktige arbeidsfolk fra Vaage til de forestaaende arbeider med oppføring av Villa Fyr». Dette initiativet fra prosten førte fram, og en del reiste oppover til Flatanger. Husmannskonene og familiene som satt igjen på Vågå syntes det trakk lenge ut før de hørte noe fra sine kjære som var reist så langt nordover. Det kom verken brev eller penger, og ryktene gikk om at de hadde blitt rammet av ulykker og kalamiteter.*

*I boka om Vågåpresten (O. Arvesen 1916) skildres det slik: «Endelig en søndagsmorgen sto alle husmannskonene i flok og følge ved indgangsdøren til Vaage kirke og ventet på Krag. De hadde fåt nys om at nu hadde presten faat brev fra de bortgagne. De hadde også hørt at der skulde være penger i brevene. Dette forholdt seg også saa. Krag kom og hadde en hel del breve med sig. Han sa høit og smilende idet han løftet brevene med sin høire hånd. Her faar dere bevis for at mine trøsteord har været sande. Alle eders kjære lever vel. Ikke har stormen blaast dem bort, ikke har russerne tatt dem og ikke har tyrken eller trollene ætt dem opp! Hver fikk nu sine breve, og gleden var usigelig. Det berettes at de mange arbeidere og husmænd som senere kom tilbake fra disse utferder, viste sig saa dyktige i de ting de nu hadde lært, at det vakte stor oppmerksomhet. Saa fint og solid hadde ingen sat opp stengjerder før som disse nu kunde det, og saa glupe og vakre grundmurer under husene hadde heller ingen kunnet lage før. De ble søkt av alle som skulde ha slike arbeider gjort. Dette skulde, som rimelig var, ha fornøiet Krag meget. Der kan vi se, vi maa ut iverden for at lære noget, vi maa ikke stenge oss inde.»*

*Og slik førte bygging av Villa Fyr til at man fikk en annerledes arbeidsformidling innført i 1830-åra, med det resultat at fattigfolk fra Vågå ikke bare fikk inntekt, men også lærte å lage steingjerder og vakre grunnmurer som en følge av det de lærte her opp ved Namdalskysten og ute ved storhavet i 1838 og 1839.*

Som dere ser var dette en begivenhet. Det sies at noen var så stolte av det de hadde gjort at de senere tok navnet Villa. Villa er et uvanlig navn i Norge og denne øya er trolig det eneste sted i Norge som heter Villa. Dere ser også at det er folk fra Møre med, så et spørsmål er om Villa navnet som kom til Vågå fra Møre og Romsdal har noe med Villa i Nord-Trøndelag å gjøre.



*Villa fyr. Foto: Knut Raastad.*

# Ei trist hending i Skurdal på Lalm 1896

Av Kari G Holen

Da Kari Eiriksdotter (1861-1896) skulle føde den siste jenta, måtte det bli operasjon (keisersnitt) da ho hadde ein giktsjukdom som hemma ho ein del. Kari og mannen Ener Johnsen (1859-1954) hadde frå før fire jenter:
Anne Simonsen 1885- , reiste til Amerika
Kari Sjerven 1887- , reiste til Amerika
Mari (1890-1982) gift m. Anton Fossen (1883-1970), budde i Skurdal.
Marit (1892-1982) gift m. Hans Plassen (1892-1974), dei budde i Jesprikplassen.

I Vågå var det ein doktor som heitte Øvergaard, og han ville ikkje vera åleine om dette, men senda bod til ein doktor på Vinstra og ba om hjelp. Det var hest og folk frå Rottem som henta denne doktoren, og det tok si tid. Kari vart da operert på kjøkkenbordet heime i Skurdal. Dei redda jenta, men mora døde etter ein eller to dagar. Jenta vart også heitande Kari, sjølv om både mora og ei syster hadde same namn. Dette var Kari (1896-1981) som vart gift med Sigurd Wahlquist på Vinstra. Bestemora Anne (1829-1917) var 67 år gamal da dette henda, men det vart ho og mannen John (Jo) Enersen (1830-1920) som tok seg av og fostra opp desse morlause jentene. Kjelde: Ragna Plassen.




*Distriktslegen på bildet kan vera Magnus Øvergaard som var i Vågå 1879-1907. Foto frå Magnhild Holø, Vågå historielags fotoarkiv.*

# Jakob Sæterdalen og slekta hans

Av Knut Raastad

Historielaget får frå tid til anna spørsmål frå folk rundt i landet som har funne ut at dei har slekt frå Vågå. Truls Corneliussen i Hordaland har tippoldemora frå Vågå, namnet var Marit Rasmusdotter fødd 7.2.1835 i Snedkerstuen. Da kjem vi fort borti treskjæraren Jakob Sæterdalen. Etter at vi fortalde at tipptipptippoldefaren var den kjende treskæraren kunne Corneliussen opplyse om at han også er treskjærar/treskulptør.

Etter bygdabok for Lom var Jacob Rasmusson fødd på Bruøygarden, foreldra var Rasmus Hanssen 1721-1757 og Brit Larsdotter 1728-1798 og er dei fyrste som er kjende der. Rasmus og Brit hadde barna Hans f. 1749, Brit f. 1752, Frants f. 1754 og Jakob f. 1756. Da Brit vart enkje i 1757 flytte ho med familien til nørdre Sæterdalen i Lia og bygde eit nytt bruk der. Sonen Frants overtok Sæterdalen ca. 1784. Jakob Rasmussen vart 5.5.1796 gift med Imbjør Jonsdotter fødd ca. 1775, kanskje var ho frå Vågå for det ser ut til at dei vart gifte der. Men året etter er dei i Lom for einaste barnet Rasmus Jakobsen vart fødd i Lom i 1798. I folketeljinga i 1801 er familien i Vågå, hjå broren Hans i Klonesbakken. Jakob Sæterdalen er i folketellinga 1801 nemnd som snekker. Familien vart etter kvart buande på ein plass under Prestgarden, frå 1821 er dette nemnd som Snekkerstugu og truleg har plassen namn etter Jakob. Jakob døydde 22.3.1821 medan ektefella Imbjør døydde 10.12.1825.

Sonen Rasmus Jakobsen f.1798 d.2.3.1854 vart 7.11.1822 gift med Ingri Svensdotter Haagenstadeie døypt 25.9.1796, død 18.4.1870. Foreldra hennar var husmann Sven Knutsen fødd ca. 1769 død 8.4.1851 som legdslem i Næsset Haagenstadeie og Anne Hansdotter fødd ca. 1769 død 12.8.1849. Rasmus og Ingri i Snekkerstugu hadde barna:

Ingeborg 1822-1917, gift med John Nilsen, neste brukarar
Anne 1824-1824
Anne f.1825, gift til Torestugu med Tore Jonsson 1827-1911 frå Heidal, han var kyrkjetenar, mange barn som reiste til Amerika
Brit f.1828, hadde ein son Rasmus som vart bakar i Molde, i 1900



*Snekkerstugu framfor gammelskulen. Banken i sveitserstil t.v. for Snekkerstugu. Kanskje er det stugu til Brit like t.v. for Snekkerstugu. Foto frå Magnhild Holø, Vågå historielags fotoarkiv.*

budde ho i ei stugu som er nemnd Snekkerstugu, men som truleg låg på grunn til Vågå Handelsforening, «ho budde i minste stugu i Vågåmo»

Ingri 1832-1849

Marit f.1835 død etter 1910, gift 1858 med Ole Evensen frå Nord-Torpa f.1823, barna var Elise Marie 1858-1893 (gift m/Corneliussen) og Niels Richard f.1860, familien budde på Lillehammer, Vardal og frå ca. 1870 i Kristiania

Hermana f.1841, utflytt til Fåberg 1862 og til Tingvold 1869

Ingeborg Rasmusdtr. Snekkerstugu 1822-1917 vart 1856 gift med John Nilsen Neerstuen fødd ca. 1830 frå Meldal / Rennebu. I 1865 er han nemnd som husmann i Snekkerstugu medan han i 1875 er nemnd som sagarbeidar. I 1865 var det i Snekkerstugu 1 ku, 5 sauer, 3 geit og dei sådde 1/8 tønne rug, 3/4 t. bygg og ½ t. poteter, medan dette var auka til 2 tønner poteter i 1875. Hans kyrkjetenar nemner at John Nilsen var kyrkjetenar i lang tid, og at han hadde så lita tru på banken i Vågå at han gjekk til Rennebu og sette inn pengane sine der. John og Ingeborg hadde berre eit barn som døydde som liten: Nils 1864-1866.

Snekkerstugu hadde seter i Dalen i Synslia, og da John døydde i 1919 budde han der. I Snekkerstugu overtok Inga Hanestad og dreiv kafe, i 1941 selde ho Snekkerstugu for at det skulle bli gamleheim.

I tillegg til preikstolen og korbogen i Lomskyrkja er Jakob Sæterdalen mest kjend for dei store stuguskapa. Etter Ola Grindvold skulle det vera Sæterdalsskap på desse gardane: Kjæstad og Øverli i Lom, Kruke i Heidal, Formo og Øygarden i Sel, og truleg eit skap på Veggum (seinare hjå antikvitetshandlar Kåre Berntsen). I Vågå var det skap på Mo, Sande (seinare uppigard Berge), sygard Valde, nordgard Sandnes (nå Norsk folkemuseum), sygard Kleppe (nå Jutulheimen), nordgard Kleppe, Sunde (seinare Klones og nå Maihaugen), Lunde (seinare innvandrar-museum i USA), megarden Råstad (seinare sygard Svare, Anders Skrede, Vågåmo skule og nå Vågåheimen), øvre Øy, nigard Sandbu og to på uppigard sør Sandbu. I tillegg var det sølvtøyskap eller kasseskap på Håkenstad, Valbjør og Graffer. Det skal også vera eit skap på Ulheim på Dovre, men det er mogleg dette er det som er nemnd på nigard Sandbu.

Jakob Sæterdalen er også særleg kjend for sine stuguinnreiingar. Han skal ha arbeidd saman med broren Hans som også var snekker. Dei laga svalgang, gavlspir, vindskier, trapper, himling, dører og vindaugo i tillegg til inventar som benkar, bord, bostkast og skap. På nordgard Kleppe og Glimsdal (nå Presthaugen) er det omfattande takdekorasjonar.

Hans Rasmussen Sæterdalen 1749-1834 er ved fleire høve berre nemnd som Hans snekker. Han var husmann i Klonesbakken og var gift med Imbjør Jonsdotter 1762-1850 og dei hadde barna:
- Ragnhild 1789-1829
- Rasmus 1792-1868, også han er nemnd som snekker og husmann i Klonesbakken. Han var gift med Rønnoug Martinsdtr. 1795-1841 og dei hadde barna Hans f. 1818, Johannes f. 1821, Ole f. 1824, Ingeborg 1828-1853, John f. 1831 og Ingeborg f. 1836. I andre ekteskap med Mari Nilsdtr. øvre Øyeie 1808-1879 var det barna Hans f. 1843, Rønnoug f. 1846 og Anne f.1852.
- Brit 1785-
- John 1795-1796
- John 1797-1854 gift 1826 m/Kirsti Jakobsdtr. Visteeie f. ca. 1804, dei hadde sonen Hans f.1826





*Sæterdalsskap på Klones ca 1900. Foto frå Grete Steigen, Vågå Historielags fotoarkiv.*

Kjelder:
Jon Kolden 2000, 2002: Bygdabok for Lom 1 og 2
Arnfinn Engen 2000: Skap i Gudbrandsdalen
M. Høgåsen Årbok for Gudbr. 1960: Det Hans kyrkjetenar fortalde.
Kåre Hosar, Norsk biografisk leksikon, 2009: Jakob Sæterdalen
Digitalarkivet og Opplandsarkivet: Kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Norske gardsbruk 1953-1997, Vågå
Truls Corneliussen: Notat om slekta

# Offiserer nevnt/bosatt i Vågå 1625-1882

Av Gunnar Ottosen

På slutten av trettiårskrigen (1618-1648), som foregikk, stort sett, i Nord-Tyskland, utnevnte den dansk/norske kong Christian den 4, sin svigersønn Hannibal Sehested til stattholder i Norge, samt øverste krigsherre. Noe av det første han gjorde, var å sette ut i livet en ny hærordning. Denne bygget på prinsippene fra 1628: 4 fullgårder, 8 halvgårder eller 16 kvartgårder (ødegårder), ble slått sammen til en legd, som skulle stille en fullt utrustet soldat. Dette gjorde at landet da fikk en bondehær på 6250 mann. Sehested mente at dette var for lite, og skjerpet kravene – slik at hæren kom opp i 8000. I tillegg kom vervede knekter på festningene – samt at hæren ble satt under kommando av hundrevis av utenlandske offiserer – bl.a. i 1644 kom det 272 offiserer fra Nederland.

Denne hæren fikk prøve seg allerede i 1643, da den såkalte «Hannibalfeiden» fant sted, som grensekrig mot Sverige. Dette gikk ikke så bra, så allerede i 1645 kom freden i Brømsebro. Urolighetene mellom Danmark/Norge og Sverige fortsatte med «Krabbe-krigen» og «Bjelkefeiden» 1657-1660, så kom «Gyldenløve-feiden» 1657-1679. Deretter «Den store nordiske krig» 1700-1721. I alle disse årene ble militære kommandoer gitt på tysk.

Oplandske Regiment ble fradelt Det Akershuske Regiment i 1657. I 1705 besto Det Oplandske Regiment av: Første bataljon med 3 kompanier, annen bataljon med 4 kompanier og tredje bataljon med 2 kompanier. Etter 1721 ble det en roligere periode, men i 1788 kom den såkalte «Tyttebær-feiden» mot Sverige – for så å ende med «Napoleonkrigen» 1800-1814 (der Norge deltok 1809-1814).

Jeg har stort sett benyttet et 2 binds verk av Stabsfanejunker Olai Ovenstad: Militære Biografier – Den norske hærs officerer fra 18/1 1628 – 17/5 1814» som grunnlag for den militære historien av de offiserer jeg har funnet, nevnt eller bosatt i Vågå.

1. Hans Poulsen 1625-1695.
Født: Vågå? ca 1625. Døde: Vågå 1695.
Foreldre: Poul Hansen/Karen Knudsdatter Tolstad. Hans Poulsen ble gift ca 1648 med Anne Simensdatter Hegge (1630-etter 1696), og han overtok Tolstad i 1658 og drev den som leilendingsbruk inntil han i 1685 fikk kjøpt den av Johan Marselis fra Holland. Hans Poulsen deltok i 1658, med bøndene fra Gudbrandsdalen, i angrepet mot Trondheim, som svenskene hadde erobret (Krabbe-krigen). Han var da Kompanisjef, og nevnes senere som «bondekapteinen». Under denne krigen hadde han utmerket seg, og med henvisning til dette (8/4 1659), ba han om skattefrihet for Tolstad – noe han oppnådde. Har ikke funnet noe om Hans Poulsens militære karriere i Olai Ovenstads bøker, han er kun nevnt under Poul Hansens militære løpebane – som hans far. I ekteskapet er nevnt 4 barn: 1652 Poul Hansen, 1659 Simen Hansen, 1663 Knud Hansen og 1670 Kari Hansdatter.

2. Poul Hansen, 1652-1739.
Født: Vågå ½ 1652. Døde: Vågå i 1739.
Foreldre: Hans Poulsen Tolstad/Anne Simensdatter Hegge. Poul Hansen reiste ved pinsetider 1675 til Christiania og lot seg verve som rytter ved «Det norske rytterregiment». Han startet som Korporal der – ble så Regimentsadjutant ved Oberstløytnant Scharnhorsts ryttereskadre i juni 1679, og var der til slutten av september samme år – da «Gyldenløvefeiden» var over. Var så Secondløytnant i 2 år ved Kaptein Juuls kompani i Værdalen. Fikk så avskjed 18/7 1721 med pensjon fra «kvesthuskassen» (sykekassen). Han reiste da hjem og overtok gården. Han ble gift i 1696 med Anne Olsdatter Rusnes (1678 – 1732), 12 barn: 1695 Hans, 1697 Knud, 1699 Simen, 1701 Anne, 1702 Kari, 1705 Ragnild, 1707 Poul, 1709 Mari, 1710 Hans d.y., 1711 Mari, 1715 Ole, 1717 Gudbrand.

3. Poul Michelet, 1657-1658.
Født: Metz Frankrike 1617. Døde: Østfold 20/3 1660. Han kom til Norge i 1644, sammen med sin bror – Jacob, som også begynte i militæret. Begge nevnes at de var av fransk hugenottisk patrisier-slekt. Poul Michelet ble ansatt som Intendant ved Tunsbergske inf.regiment og lønnet fra 26/3 1644. Han deltok i Hannibalfeiden 1644/45. Ble så Kaptein ved Akershuske nasjonale inf.regt og som sjef for Vågske kompani fra 1/7 1657. Rykket så opp til Major samme sted i 1658. Deltok så i toget til Trondheim høsten 1658. Fikk banesår i kampen

ved Borge kirke 6/2 1660 under Bjelkefeiden, og døde 20/3 samme år. Han var gift med Karen Michelsdatter. Mens han var i Vågå, var han eier av 2 huder i gården Sve, det nevnes i et salgsbrev, datert 12/3 1666 – fra Kaptein Michelet til Gunder Sve.

4. Jost Mogensen Berg, 1662-1675.
Født: ca 1640. Døde: Sel 23/3 1678. Var Sersjant ved Oplandske nasj.inf.regt fra 12/5 1662. Nevnes som Fenrik ved Nord Gudbrandalske komp. 20/6 1664 og som Premiær-løytnant samme sted i 1669. Ble så Kaptein ved Gamle Trondheimske nasj.inf.regt. og sjef for Gagnatiske kompani i 1675. Deltok ved Marstrands erobring i juli 1677 (Gyldenløvefeiden). Han døde på Olstad i 1678. Han nevnes som oppsitter på kapteingården Nordre Sandbo ved manntallet 1663/66, og da som Fenrik. Han kjøpte gården Olstad på Sel i oktober 1671, hvor han bodde til han døde. Hvem han var gift med er ikke kjent, men i et skifte på Olstad 3/10 1699, etter hans eldste datter, som døde, nevnes følgende søsken: Anne Jostsdatter (se nr 5), Berthe Jostsdatter, Karen Jostsdatter, Jannichen Jostsdatter.

5. Isach Jespersen Besche, 1682-1704.
Født: i februar 1652. Døde: Gran 24/10 1714. Han kom inn i militæret fra 1673. Var Korporal ved Oplandske nasj.inf.regt til 3/10 1682, da han ble Fenrik ved Vågske kompani. Så Premiær- løytnant samme sted fra 21/12 1697. I 1704 søkte han om å få et kompani, men det ble avslått av Feltmarskalk Wedel. Han var gift med Anne Jostsdatter Olstad (se nr 4). De var barnløse, og etter hennes død i 1699, er det hennes søsken som står som arvtagere av en del av boet i Olstad, mens Besche fikk løsøret samt 5-1/2 skinn i Olstad.

6. Ole Petersen Brun, 1662-1688.
Født: Trondheim 1637. Døde: Trondheim 26/9 1710. Foreldre: Oberst.ltnt Peter Nicolai Brun og Inger Dorthea Larsdatter Gram. Ole Brun nevnes som Fenrik i 1657 ved Generalmajor Bielches Fyrrørregiment. Var så ansatt i 1658 ved slottskompaniet på Akershus. Ble Kapt.intendant ved samme kompani 1659. Overtok kapteinvervet fra Kaptein Johan Wade i N.Gudbr.dals komp. 13/9 1662 og bodde på Sørem. I 1675 bodde han med sin hustru på Øy. Flyttet så i 1668 til gården Lysgaard ved Lillehammer. Ble Major ved Opl.nasj.inf.regt i 1682. I 1700 utnevnt til Oberst og kommandant i Trondheim. Fikk avskjed allerede 10/4 1700, med en årlig pensjon på 200 riksdaler. Han var gift

med Maren Lund, og det nevnes de hadde 6 barn. Hans våpenmerke var «Bjelke med 3 linjer» På et vårting på Mo i Vågå 8/4 1671 ble det opplest et skøytebrev fra assessor (meddommer) Nils Tolder til Kaptein Olluf Brun på følgende: 1. Øy med Kleive england 4 hd 3 sk, 2. Øy 2-1/2 hd og 18 merk fisk, 3. Lunde 6 alner vadmål, 4. Sønsteng 1-1/2hd, Breen frigard m/Biskop-løkken, Neperud og Vangen, 1hd 18mrk fisk, 5. Kongsparten 8 sk, 6 Åmot 3 sk, 6. Selsjord 2 hd og en engeplass under 1 sk. 7. Kringelen rydningsplass 1 sk, 8. Olstad 2-1/2 hd, 9. Skårå 2 hd og 3 pd fisk, 10. Rusten rydningsplass 2 sk, 11. Mæringsdalen rydningsplass 1 sk.

7. Caspar Georg Brûnech, 1684-1699.
Født: Tyskland 1655. Døde: Norge 24/12 1714. Foreldre: Abraham Ernst von Brûnech og Elisabeth von Wolrat. Caspar Brünech nevnes som Second.ltnt ved 1. Jydske nasj.inf.regt's livgardekompani fra 1678/79. Ble så Prem.ltnt ved Bergens garnisonskomp. I 1681. Så Kaptein ved Opl.nasj.inf.regt, og sjef for Vågske komp. Fra 2/8 1684. Ble avskjediget 10/10 1699. Bodde hele denne tiden på kapteinsgården Nordre Sandbo. Det sies at han hadde drept en Løytnant Fleischer. Han ble så ansatt igjen som Kaptein ved Aalborgstifterske inf.regt. den 26/3 1701. Så ved en krigsrettsdom i 1704, ble han igjen avskjediget, men så står det at han fikk avskjed i nåde i 1705? Han nevnes som stamfar til den norske gren av den opprinnelige tyske uradelig slekt «Von Brûnech». Han var gift med Cathrine Margrete Pedersdatter Montagne de Lilienskjold, datter av tollforpakter i Bergen Peder Montagne og Elisabeth Hansdatter Lilienskjold. I ekteskapet nevnes 4 barn, hvorav datteren Elisabeth Catharina ble født i Vågå i 1695.

8. Ernst David Ely, 1699-1709.
Født: København ca 1670. Døde: Stavanger 1750. Var sønn av Løytnant Diderik Ely. Ernst Ely kom som Kaptein til Opl.nasj.inf.regt 10/10 1699, og ble sjef for NordGrudbrandsdals kompani. I 1709 flyttet han så tilbake til Danmark og til Prins Christians regiment. Ble Oberstløytnant samme sted i 1717. I 1718 kom han til Vesterled Nasjonale inf.regt., og ble sjef for Stavangerske kompani. I 1741 kom han til Listerske kompani. Fikk så avskjed i 1749 som Generalmajor og en pensjon på 300 riksdaler. Han var gift med Christiane Juliane Judenhertzog fra Westfalen i Tyskland. Mens han var i Vågå nevnes han først på Sørem som da var krongods, men i 1702 ble det foretatt en besiktigelse på Sandbu, etter

Kaptein Ely's ønske, som var assignert gården, og skulle ta den i bruk.
9. Niels Hansen Meng, 1705-1718. Født: 1681. Døde: våren 1718. Var Korporal til 1700, da han ble Fenrik ved Hausmanns geværinfant. regt. Ble så Pr.løytnant ved Vestoplandske nasjonale inf.regt. 19/9 1705 ble han Kaptein ved Opl.nasj.inf.regt og sjef for Nord-Gudbr.dals.kompani. Han deltok ved slaget ved Vinger våren 1718, og døde der, 37 år gammel.

10. Lorentz Kaas, 1707-1732.
Født: Danmark ca 1669. Døde: Vågå 5/3 1732. Han var Kaptein des armes ved Bøynenbourgs gevær inf.regt i Norge fra 1/1 1691. Ble så Fenrik ved samme sted i 1692. Kom til Oplandske nasj.inf.regts Totenske kompani i 1696. Ble Prem.ltnt samme sted i 1701. I 1707 kom han som Kaptein til Gudbr.dalske reservekompani i 1707. I 1718 ble han ansatt ved regimentets faste kompanier som sjef for Øvre Gudbrandsdalske komp. Han fikk avskjed 5/3 1732, og døde samme dag på Sandbo. Var gift 1695 med Anna Dorthea von Hadelen, født på Toten, døde Vågå i 1729. I ekteskapet var det 8 barn, nevnt i et skjøte 21/8 1732: Lieutnant Reinhart Friderich Kaas, Mogens Kaas, Knud Rudolph Kaas(nr 11), Johan Kaas Vagtmester, Casper Christopher Kaas, Hans Eylert Kaas Corporal, Jørgen O. Kaas Sersjant og Anna Agathe Kaas.



*Nordre Sandbu er på 1600- og 1700-talet nevnt som offisersgård. Den tida var Nordre Sandbu flere gårder. Foto: Knut Raastad.*

### 11. Knud Rudolph Kaas, 1719-1748.

Født: Toten ca 1701. Døde: Kristiania i 1786. Foreldre – nr 10. Knud Kaas kom i tjeneste ca 1717 ved Oplandske nasj.inf.regt. I 1719 var han Fenrik ved Gudbr.dalske komp., og i 1732 nevnes han som Kaptein og sjef for regimentets Øvre Gudbrandsdalske komp (Vågske kompani). Han var, en periode, eier av Nordre Sandbo – som han solgte i 1738 til Jon Iversen Aaseng. Han kjøpte så Sørem med underliggende Skårvang, men etter en tid synes han det blir for mye, samt at han har vansker med å få lån, så ved kontrakt av 3/1 1746, avstår han halve Sørem til Kaptein des armes Jens Larsen Trondhuus – mot at han betaler Claus Bendiche og Iver Eliesen, som har avhendet gården, halvparten av kjøpesummen, nemlig 700 rd. Ved en krigsrettsdom i 1748, ble Knud Kaas avskjediget for underslag. Han var gift, men konas navn er ikke kjent, ei heller eventuelle barn.

### 12. Friderich Kraft, 1746-?.

Født: Eidsvold ca 1711. Døde: Lesja? 25/1 1773. Friderich Kraft kom i tjeneste ca 1727. Ble Fenrik ved Opl.nasj.inf.regt 25/7 1733, og Premierløytnant ved samme regiment i 1735. Ble så forflyttet til Nordgudbr. dalske – Lesjeske komp. fra 19/6 1744. Utnevnt til Kaptein ved regimentets landvern og sjef for 2. gudbr.dalske landvern komp. I 1749. Ble så forflyttet til sjef for Nord-fronske linjekompani i juli 1755. I 1764 ble han frakjent sin kommando ved en krigsrettsdom, og avskjediget 26/9 1764 – med pensjon. Han var gift med Riise Birgithe Lange fra Ringebu, f. 1749 døde Lesja 1781. Hvorvidt Friderich Kraft bodde i Vågå er ikke funnet, men han nevnes i kirkeboka side 14B, som far til ei datter, født u/ekteskap- 2/10 1746 Susanna Fridsdatter. Mora var Thore Christensdatter, og fadderne var fra Jørgenstad/Olstad/Breden og Formo.

### 13. Jens Larsen Trondhuus, 1746-1788.

Født: Vang Hedmark 22/11 1711. Døde: Vågå april 1807. Foreldre: Lars Jensen Trondhuus, moras navn ukjent, men trolig ei Karen NN-datter. Jens Larsen begynte sin militære karriere ca 1730, og var ved et dragonregiment i 2 år. I 1739 avanserte han fra Korporal til Sersjant ved Oplandske nasj.inf.regt, og ble i 1753 Fenrik. I 1746 kjøpte han halve Sørem av forannevnte Knud Kaas. Som nevnt ble Knud Kaas dømt for underslag i 1748, og Jens Trondhuus ble senere eneeier av Sørem. Han ble så Løytnant i 1762, og sendt til Holstein. Den 1/5 1765 ble han dimittert fra det militære, og fikk en årlig pensjon på 60 rd. Ved den nye hærordningen av 1769, ble han igjen ansatt i Opl.nasj.inf.regt, Vågske komp, med Kapteins grad.

Fikk så igjen avskjed 25/1 1788 med årlig pensjon 100 rd.
Jens Trondhuus var gift 2 ganger. Først med Karen Johansdatter von Aphelen, fra Trøndelag. Hun døde i Vågå i 1757. Med henne hadde han minst 8 barn, hvorav bare døtrene Karen Margrete f. 1745 og Kjerstina f 1746 samt Maren Sophie f 1749, levde opp. Jens Trondhuus ble så gift igjen i 1762 med Ingeborg Christine Gothelfsdatter Tax, født Tynset 1741, døde Vågå 1819. De hadde følgende barn: Karen M. 1763, Johan Frederich 1765, Lars Gotlob 1767, Jacob Schmidt 1771, Marie Helvig 1774, Karen Kristine 1776, Jens Jensen 1778, Karen Kristine d.y. 1781, Gisken Elisabeth 1786. Ved et skifte etter Jens Trondhuus 1807 levde 5 av barna fra 2. ekteskap.

### 14. Hans Bentsen Brandt, 1750-1753.

Født: Norge ca 1706. Døde: trolig Trondheim 12/4 1753. Han kom i tjenste ca 1725, og nevnes som Sersjant ved Søndenfjeldske gevær-inf.regt til 1738, da han ble Kaptein des armes ved 1. Opl.nasj.inf.regt. Ble så Secondløytnant ved regimentets landvern i 1747, og der plassert ved 2. Gudbr.dalske landvernkomp. Så Premier-løytnant ved Vågske linjekomp. I 1750.Han ver gift 1730 med Ingeborg Friderichsdatter i Vinger. I perioden 1732-1745 bodde de i Folldal og der nevnes 5 barn, der alle født i Folldal: Hedvig Marie 1732, Friderich Chr. 1734, Elen Marie 1738, Margrethe Marie 1742 og Levichen i 1745.

### 15. Jonas Stabell, 1766-1782.

Født: Sand herred 1720. Døde: Stange 11/1 1787. Foreldre: Prem.ltnt Lars Stabell og Anne Christine Rosenberg. Jonas Stabell kom inn i militære som underoffiser i 1740. Så Sersjant og senere Fenrik ved 2. Smålendske nasj.inf.regts Søndre Jarlsbergske komp. I 1751. Ble Prem.ltnt samme sted i 1755 og kom til Midt-Telemarks kompani. Forflyttet til V. Laurvigske komp. I 1760, og ble Kaptein ved samme regiment og sjef for Jarlsbergske landvernkomp i 1762. I perioden 1764-65 satt på vartpenger. Atter ansatt som Kaptein nå ved Opl.nasj. inf.regt og sjef for Vågske komp fra 1/1 1766. Ble Second-major i 1782, og Prem.-major og sjef for Stangske komp i 1786. Han døde, ugift, og ble begravet i 1787. I 1776 nevnes han i et skjøte mellom Syver Johnsen Sve og Kaptein Jonas Stabell Sandbo, der han kjøper ei eng fra Syver Sve, for 350 rd, som i uminnelige tider har tilhørt s.Sandbo.

16. Friderich Otto Falck, 1786-1789.
Født: Norge ca 1739. Døde: Stange 14/12 1815. Foreldre: Krigsråd ved Sønnefjeldske gevær-inf.regt, Wilhelm Friderich Falck og ?. Friderich Falck ble Korporal ved S.fjeldske gevær.inf.regt i 1755, Sersjant samme sted i 1760 og Fenrik samme sted i 1761. Så Sec.løytnant ved Akershuske nasj.inf.regt i 1762, Premiær-ltnt ved Opl.nasj.inf.regt NordFronske kompani i 1765. Forflyttet til Lomske komp i 1767, så til Løitenske kom i 1771. Ble Kaptein samme sted i 1784. Virket så som Kaptein og sjef for Vågske kompani fra 17/3 1786. I 1789 ble 1. og 2. Oplandske nasj.inf.regt slått sammen til ett inf.regt, og han fortsatte som sjef for Vågske komp. Senere samme år ble han forflyttet til 1. nasj. Bataljon og Stangske komp, der han var Major og Kommandør. I 1804 ble han Oberst samme sted. Fikk så avskjed som Oberst i 1810. Han fikk tillatelse til å gifte seg i 1773 med Inger Margrethe Pløyen, datter av sorenskriver Pløyen.

17. Friderich Grûner, 1789-1793.
Født: Norge? 10/3 1762. Døde: 13/12 1821. Han begynte sin militære karriere i 1783. Var underoffiser ved livgarden til fots i København fra 5/1 1785. Ble Fenrik a-la-suite, ved 1. Opl.nasj.inf.regt 18/8 1786. Second-ltnt ved Stangeske komp i 1877. Prem.Ltnt fra 1789. Da ble de 2 Oplands-regimentene slått sammen til ett – nevnt som Oplandske regiment – og Grûner kom til Vågske komp. I 1793 ble han forflyttet til Lomske komp, og endelig i 1801 til 2. grenaderers komp. Han virket som Kaptein og sjef for Lomske komp fra 1804. Ble så forflyttet til Fronske komp. I 1807. I 1810 ble han Major og Kommandør for regimentets 1. nasjonale bataljon og sjef for Stangske kompani. 1811 ble han Kommandør for 2. gevær-bataljon. Han fikk tillatelse til å gifte seg den 26/1 1812 med Margrethe Brûniche, f. 1786 d 1856, datter av overberghaupmann Brûniche.

18. Hans de Place, 1789-1797.
Født: Holsten ca 1758. Døde: 24/7 1829. Han kom i militærtjeneste i Tyskland i 1769?, ble underoffiser 1/1 1778, Second.ltnt 9/7 1780 og Prem.ltnt 18/5 1787. Kom så til Norge, og ble Kaptein ved Opl.nasj. inf.regt, og sjef for Gausdalske komp. I mai 1789. I august samme år fikk han Vågske kompani, men allerede i mars 1797 byttet han med vestre Hedemarkske Komp. Ble så Major og Kommandør for regimentets 1.nasj. bataljon og sjef for Stangske komp. I 1809. Ved den nye hærord-ning av 1810, ble han Major ved det nyordnede Opl.inf.regts geværdel, og Kommandør for 2.gev.batalj. Så Oberst i armeen fra 1815, og sjef for

regimentet i 1816. Fikk så vartpenger(ventepenger) i 1823 til han døde i 1829. Fikk tillatelse til å gifte seg i 1790 med Jomfru Karen Arntsen. Hvor de bodde, mens de var i Vågå, har jeg ikke funnet, men han nevnes bl.a. som kaveringsmann (forlover) ved inngåelse av et ekteskap 21/4 1796 – der en Jon Thordsen f. 1768 d. 1855 ble gift med Karen Andersdatter f 1763 d 1836, og disse bodde på Lyen i 1801.

19. Sten Gustav Blix, 1797-1803.
Født: Aamodt 1765. Døde: Snåsa 10/3 1839. Foreldre: Oberstltnt og sjef for skiløperne, Johan Frideric Blix. Morens navn ikke nevnt. Sten Blix var elev ved den matematiske skole i Kr.ania i 1781. Samtidig virket han som Second.ltnt ved skiløperkorpset (Solørske kompani) samme året. Kom så til N.Fjeldske Skiløperbataljon, Snåsenske kompani i 1782. Deretter var han ved Sjællandske gevær-inf.regiment i 1789. Ble Kaptein ved Opl.nasj.infant.regt, og sjef for Vågske kompani fra 17/3 1797. Så i 1803 ble han sjef for Ø.Hall.danske Kompani og kom til Nordenfjeldske inf.regt i 1804, og sjef for Enebakske kompani. Fikk avskjed i nåde i 1807 med 200 rd i årlig pensjon. Under felttoget 1808/1809 gjeninnsatt til tjeneste i Fredrikstad, hvor hans familie bodde. Døde trolig i Snaasen i Nordlandene i 1839. Han var gift i 1795 med Marie Christine Hammer, f. 1769 på Toten, døde Fr.stad 1828. Barn før de kom til Vågå: 1794 Juliane Theodora, 1796 Johan Fridrix, 1799 Maren Dorthea. Da de var i Vågå bodde de på Sundlien, og 2 barn nevnt: 10/1 1801 Andreas Caspar og 25/7 1802 Sten Gustav.

20. Ulrich Friderich Storm Abelstad, 1803-1808.
Født: Nittedal 30/8 1759. Døde: Vågå 6/4 1808. Foreldre: Major Hans Abelstad, og Sofie Magdalena Storm. I 1786 hadde han avtjent i militæret i 10 år og ble fra da underoffiser ved Livgarden til fots i Danmark, utnevnt til Secondltnt a la suite, ved Opl.nasj.inf.regt. Løitenske kompani. Ble så 17/3 1786 utnevnt til Second-ltnt ved Fronske kompani.
I 1788 ble han Premier-ltnt ved Hedemarkske kompani, i 1789 kom han til Oplandske inf.regt Ulensaker komp. Ble Kaptein i 1802 ved samme regiment og kom til Vågske komp i 1803. Han fikk tillatelse til å gifte seg i 1788 med Anne Maria Finckenhagen, født 1763 Brevik, døde Høland 1839, hun var datter av sogneprest Slidre, Niels Finckenhagen og Christine Lund. I 1801 bodde de på Løten. Mens de var i Vågå bygslet Abelstad plassen Wolden under Øy.

21. Niels Gladtvedt, ?.
Side 91 i Tore Prysers bok «1814 i Oppland», nevnes en Premierltnt Niels Gladtvedt, som en av de som signerte adresser og fullmakter for Vågå/Sel og Heidal i 1814 – der han nevnes som «representant for offiserene». Denne Niels Gladtvedt var f. ca 1789 på prestegården i Næs, der foreldrene var sogneprest Otto C. Gladtvedt og hustru Helene M. Holm. Niels Gladtvedt kom i tjeneste i 1808, ble Fenrik ved 1. Akershuske nasj.inf.regt 12/6 1808. Var Second-ltnt samme sted 1809. Var ved Sigdalske kompani i 1810. Så ble han forflyttet til regimentets 3. gevær-kompani ved Opl.inf.regt samme år. Nevnes som Prem-ltnt i 1811, men forflyttet til 2. gevær.musk.komp i 1813 ved Gausdalske kompani, og i 1815 var han ved 8. gevær-musk.komp. Med andre ord han var stasjonert i Gausdal så usikkert hvorfor han nevnes i Vågå i 1814.

22. Andreas Molbech Lundh, 1809-1813.
Født: Fron 10/6 1787. Døde: Vågå 28/11 1867. Foreldre: Peder Gregersen Lundh og Anne Marie Fougner. Han var student ved Københavns Universitet i 1807. Ble så Korporal ved Opl.nasj.inf.regt i 1808, Fenrik i 1809. I juni samme år ble han Second-ltnt ved Vågske komp. I 1810 Second-ltnt ved Kvamske komp. Så Premier-ltnt ved Vågske komp i 1811. Brigadeintendant i 1812, og fikk avskjed i nåde – grunnet svakelighet den 20/4 1813, med tittel av Krigsråd (på den tiden en såkalt ærestittel). Samme år – i september – utnevnt til Forpleiningskommisær ved General Staffeldts brigade, med Kapteins rang, og gjorde som sådan felttoget i 1813/1814. Ble så første Forlikskommisær i Vågå, sammen med Knud Toe. Han ble i 1823 eier av gården KremmerSandbu. Gift ca 1814 med Anne Marie Bjerregaard, f, 1794 d. 1878. Senere ble Andreas Lundh kontorist hos sin svigerfar, Sorenskriver Mads Bjerregaard. Andreas Lundh fikk bevilling på all handel i Nordre Gudbrandsdalen, men mye av denne virksomheten solgte han, eller leide bort. I 1820 ble han gårdbruker på Volden, og i 1838 ble han valgt til den første ordfører i nyetablerte Vågå Kommune, et verv han hadde til 1865. I ekteskapet er det nevnt 12 barn: 1) 1814 Mads, 2) Mads d.y., 1817 Anne Maria, 4) 1820 Peter Halfdan, 5) 1823 Sverre, 6) 18216 Alette, 7) 1827 Rigder?-døde 1828, 8) 1829 Regdar, 9) 1831 Barbra Margrethe – døde 1831, 10) 1832 Andrea Marie, 11) Henrik Anker, 12) 1839 Thorvald.

23. Ulrich Reinholdt Ziegler, 1819-1837. Født: Halden 4/8 1791. Døde: Halden 25/10 1854. Foreldre: Cancellierråd og rådstueskriver i Frederikshald, Henrich Ziegler og hustru Dorthea Maria Blix Heiberg. Ulrich Ziegler var først Frikorporal? Og underoffiser ved Søndenfjeldske inf.regt, så Fenrik ved N.Fjeldske inf.regt fra 1809. Samme år ble han Second-ltnt samme sted, og forflyttet til Gevær-musk-komp. I 1810. Så Premier-ltnt ved regimentets Askerske kompani i 1812. I 1818 overført til 1. Akershuske inf.brigade. ca 1819 kom han til Vågske kompani, og ble utnevnt til Kaptein – samme sted den 5/10 1835. Ble så forflyttet til Ringebuske komp. I 1837, og bodde da Bauker i Gausdal. 1842 ble han sjef for Vangske komp. I 1848 ble han sjef for Bergske komp. Ved Halden, og bodde på Nordby. Fikk avskjed den 23/6 1851, og døde 3 år senere. UlrichZiegler ble gift i Vågå kirke den 13/5 1819 med Christine Margrethe Bjerregaard, f. 1797 d. 1882. Mens de bodde i Vågå nevnes 6 barn: 1819 Jacobine, 1821 Mads Henrik, 1825 Niels Albert, 1828 Alethe Dorothea, 1831 Henrik og 1835 Hermana Henriette. I et skjøte 31/12 1831 kjøper han gården Sundlien fra enke etter sorenskriver Bjerregaard, for 450 spd. Allerede i august 1836 selger han Sundlien til Lensmann Hans Valle for 750 spd. Det er også nevnt at han var odelsberettiget til Herregården Tomb i Østfold.

24. Severin August Tøstie, -1845.
Født: Stange 6/3 1815. Døde: ikke funnet.Foreldre: Landmand Anders Tøstie og Syverine Halvorsdatter. Severin Tøstie var gift med Emilie Charlotte Larsen fra Fredrikstad. Mens han var stasjonert i Vågå og de bodde på Øy, fikk de ett barn: f. 1844 Sophie Jacobine, og Severin Tøstie var da Løytnant i Vågske kompani. Han må ha vært her kun en kort periode, for i 1846 bodde de i Fåberg, og der nevnes han som Premier-ltnt. Barn nevnt: 1846 Andora Severine, 1854 Emil August og 1861 Harald. Severin Tøstie må ha sluttet kort tid etter, for i folketelling 1865 Fredrikstad står han oppført som postmester. Det samme gjelder også i 1875.

25. Carl Johan Schultz, 1851-1855.
Født: Halden 26/1 1818. Døde: Fredrikstad 26/10 1907. Han var sønn av Kaptein Joseph Frederic Schultz. Carl Schultz giftet seg på Lillehammer 9/8 1848 med Jeanette Dorthea Torgersdatter Høier, f. Fron 1826, døde Fredrikstad 1915. De bodde først på Nordrehoug Ringerike, men kom ca 1851 til Vågå, og står som brukere av plassen Moen, ved barnas dåp i Vågå kirke: 1853 Sophie Hermana, 1854 Thora Dorthea. Så flyttet de til

Ringsaker og gården Vik Nedre, der de fikk disse barna; 1856 Johan Gotfred, 1858 Johanne Marie, 1860 Antonette Frederikke, 1863 Andreas. Kan nevne at ved folketelling 1865 Vik/Ringsaker nevnes ei Anne Lund, 21 år, husjomfru fra Vågå. Dette må være Anne Pedersd. F 1845, far Urmakersvend Peder Halfdan Lundh. Ved folketelling 1875 nevnes Schultz fortsatt som Kaptein og Kompanisjef.

26. Frederik Stang Pladt, 1870-1882.
Født: Langesund 30/1 1842. Døde: trolig i USA. Ved folketelling 1875 på Sve, nevnes en ungkar, Løytnant, bosatt i 3dje bygning ved ovennevnte navn. Neste funn er i kirkeboka 1878: Barn f. u/ekteskap 12/9 1878 Karen Frederiksdatter, der mora var: Karen Pedersdatter Trondhuus. Så den 29/8 1883 fikk de en sønn u/ekteskap – Jørgen Frederiksen, og da har han tittel av forhenværende Løytnant. Noen militære data om han har jeg ikke funnet – annet enn at han var ved Jegerkorpset og gikk på ventepenger fra 1878. Den 13/2 1882 fikk han avskjed fra militæret. I 1884 emigrerte han til Amerika. Teodor Kaspari nevner kort at han var av god familie, men på en eller annen måte var han kommet på vidvanke. Når det gjelder Karen Pedersdatter Trondhuus, så emigrerte også hun, med sine to barn, til Amerika 31/2 1902. Om de møttes der borte er ikke kjent.



*Trond Eklestuen brukte telthuset som lager for antikvitetar, og bildet kan vera frå der. Foto frå Grete Steigen, Vågå Historielags fotoarkiv.*

# Telthuset og eksersisplassen

Av Knut Raastad

Waageske Compagnie & Svartkrutlag har fått tak i eit kart som viser ekersisplassen i Vågåmo. Jakup Skjedsvoll har bistått med transkribering av den gotiske handskrifta.

*Det Waagske Compagnies Exercer Plads Ved Waage Hoved Kierke.*

*A: Denne Exercer Plads er belig gende vejd Waage hoved kierke, er (tidligere) brugt til Exercer Plads fra gammel tiid af, og nu for en føye tiid siden Op Pløyet 2d Smaae Agrer som anviste paa Cortet.*
*B: Hovedkierken.*
*C: En liden ager.*
*D: En liden ager.*
*F: En plads Klokkergaarden klaldet.*
*G: Capelans gaarden Smismoen.*
*H: Teldthuuset.*
*I: Waage Præstegaard.*
*K: Præstegaardens ager.*
*L: En stor van-veed, som gaar hæn til ageren.*
*M: En liden van-veed, som gaar til den Lille ager ved Pladsen.*
*N: Elven Finden.*
*O: Den almindelige vey som gaar i giennem hoved sognet til Lom.*
*P: Elven Otten.*
*Q: Blesum gaarderne.*
*R: Øfre Øye gaarderne.*




Exercer Plads ved Waage Hovedkierke.
A
B
C
D
K
L
M
N
O
Q
R
Waage
100.
200.

Smedsmo er nemnd som kapelangard, og det tyder på at kartet er frå 1700-talet. Vågåvatnet til venstre, kyrkja midt på med Finna til høgre. Kartet tyder på at Finnbrua var nedanfor kyrkja før flaumen i 1789. På kartet ser vi telthuset H mellom eksersisplassen og Finna. Vi skal sjå at det vart bygd telthus 1751/52, ut frå dette kan kartet vera frå mellom 1751 og 1789.

Waageske compagnie har ein del avskrifter som bl.a. viser:
Eksersisen skjedde på kyrkjebakken fram til 1772 (for rekruttane fram til 1828), og kyrkjer var innreidd som telthus for militære avdelingar, Vågå hovudkyrkje er nemnd for Ø. Gudbrandalske kp. i 1723. Etter salget av kyrkjene måtte det byggjast nye telthus. Telthus ved Vågå hovudkyrkje vart bygd 1751/52, dette vart øydelagt av Ofsen 1789. I ei liste frå 1798 er nemnd at telthuset til Waageske vart bygd 1792. Eit notat nemner at nytt telthus etter Ofsen vart bygd på Øyvolden (også nemnd som seinare kornkammer for bygda). Det er ikkje vist til kjelde og dette stemmer ikkje med telthuset som stod på Eksismoen fram til fyrst på 1900-talet, ein tanke er at dette kan vera ei seinare feilslutning pga. at Øyvolden da var eksersisplass.

I 1762 er nemnd eksersisplass for Waageske på Olstad i Sel og ved Vågå kyrkje, også Lom brukte Olstad ved sesjon da. I 1811 er det nemnd eksersisplass på Vågå prestegard, kanskje kan dette vera Eksismoen og at dette var eksersisplassen frå 1790? Frå 1834 var det eksersisplass på Øyvolden, ei kartskisse frå 1860 viser denne plassen nedanfor urmaker Petter Lundh på Volden (Stykket). Faren krigsråd Andreas Molbech Lundh kjøpte Volden i 1820, men dette treng ikkje ha noko med at Øy-volden vart eksersisplass. Eksersisplassane vart nytta fram til 1.1.1867.

Ei nyare kartskisse frå ca. 1900 nemner Eksismoen som gamal eksersisplass At plassen vart flytta frå Eksismoen til Øyvolden kunne vera for å koma vekk frå folk med skytetreninga. Skytebana fram til andre verdskrigen var også aust for Finna ut mot Otta, kanskje vart den gamle eksersisplassen teke i bruk av skyttarlaget.

Det finst også ei liste over såkalla sjefsgardar, Sundlien (Skotlien) er nemnd i 1791 og avhenda i 1803. Brattland er nemnd frå 1803, nytta av Vågeske kp. 1812-1817, overtallig 1818-1850 og avhenda i 1850.

*Diktet til høgre er skrivi 1811, midt under Napoleonskrigane. Da var 24 år gamle Andreas Molbech Lundh kome til Vågå som løytnant i Vågske kompani. Avskrift kjem frå Gunnar Gjesling Sandbo.*

# Krigsraad Lundhs sang

Av Andreas Molbech Lundh

Jeg synger ikke min konges pris,
skjønt han en hælt er foruten lige
Jeg holstentoget har til bevis,
anfører kun for man ei skal sige:
Det er kun smiger, alt hvad han siger.
Som stymper styrer han sine riger
den usle drot.

Jeg synger ikke om statens fjas,
om ordner, ordensmænd, statens aber.
Jeg anser sligt kun for flitterstas,
til hvilket pøblen forundret gaber.
Lad ordner bære hin høie herre
som bær i baandet sin hele ære,
Jeg ler ad ham.

Jeg synger ikke om kamp og krig,
dens lue rædsomt paa jorden brænder.
Søg navn af hælt hvo kun vil for mig
naar sværdet blinker jeg fryksom render.
Mig kugler skræmmer, thi blir jeg hjæmme,
og tar mig heller for krig at glæmme
en perial.

Jeg synger ikke om røden guld,
skiønt det tit tosken gir magt og ære.
Min pige blid og min flaske fuld,
jeg guld og rigdom kan godt undvære.
At Plutos gaver sit værd dog haver,
jeg nægter ei, men dem eftergraver
det gjør jeg ei.

Jeg synger ene o Evan dig,
du hulde gud med de røde kinder
kun ene du gjør mig lykkelig,
du løser alt hvad min skjæbne binder.
Dig gud til ære, indviet være
min sang, og den skal alverden lære.
Jeg hylde dig.



*Telthuset var lager til militært utstyr. Huset stod på Eksismoen i Vågåmo. Lars-Andre Storlien opplyser at huset vart flytta til Formo (nå Storlien) og stod ovanfor uthuset på skulen. Da hadde det berre ei etasje, truleg var dette øvre etasjen. På 1970-talet vart huset flytta opp i Kveom og står saman med bygningen frå Snikkerstugu.*

# Vågå-bygningar på Maihaugen

Historielaget var invitert til døladag på Maihaugen, der fekk vi god omvisning i hus som kjem frå Ottadalen.
Her kjem ein del av den skriftlege oversikta vi fekk om bygningane som kjem frå Vågå.



Årestua frå Tolstad. Oppført ca 1775. Frå Tolstadskriden 1896, reist i Sandvigs hage 1899. Gjenoppført på Maihaugen 1904.

Prestegarden. Våningshuset. Bygd som våningshus på prestegarden i Vågå 1698. Flyttet 1903 og gjenreist på Maihaugen 1904. Huset ble bygd da Fridrich Grüner tiltrådte som sogneprest i Vågå. Han giftet seg med Anna Hedvig i 1696. Bryllupet ble holdt på Herregården i Larvik. Det var den norske residensen for den norske statholderen grev Ulrik Frederik Gyldenløve. Bruden var i familie med Gyldenløve. Anna Hedvig og Fridrich Grüner hadde vært ved Gyldenløves hoff i København flere år da de kom til Vågå.



*Bjørnstad.*

Hun hadde en stor formue, og det store sognet sikret presten gode inntekter. Grünerfamilien ble derfor bindeleddet mellom byggeskikk og levemåte hos den dansk-norske overklassen og i Vågå. Herregården i Larvik har vært inspirasjonskilde for Grüner da han skulle få bygd en tidsmessig og verdig bolig på prestegarden. Den forteller om møtet mellom fjellbygda Vågå og kontinentet. Et europeisk stilideal er karnappet på hver side av den åpne svalgangen.

Lysthuset. Bygd på Maihaugen etter forbilde av lysthuset fra 1810 som fortsatt står i prestegardshagen i Vågå.

Dokkestua. Flyttet frå Nordgard Storvik 1904 (også nemnd Sygard).

Losjehuset. Bygd i Vågåmo 1908 av IOGT-losjen Riddersspranget. Gjenoppført 1985. Losjehuset har møtesal med et lite galleri, kjøkken og gang. I møtesalen er det blå himling med stjerner. Salen har et lite podium, og ved inngangen er et kjøkken. Utskjæringene over scenen er laget av vagværen Syver Jotun. Huset ble mye brukt til møter og tilstelninger i avholdslosjen og andre foreninger. Senere ble det snekkersal for skolen som lå like ved.

Bjørnstad. Alle de nåværende bygningene på Bjørnstad ble gjenreist på Maihaugen 1913. 19 av dem er fra Nedre Bjørnstad, Lalm. Andersstua oppført 1777. Nystua bygd 1787. Løytnantstua bygd 1709. Fire stabbur/loft. Doen. Fjøset bygd 1733, ombygd 1802. Saufjøset, grishuset og geithuset. Storlåven, fire løer der en har årstallet 1679 skåret inn i mønsåsen, låven og to kvernhus.

Den dag i dag er oppføringen av Bjørnstad på Maihaugen en enestående begivenhet i norsk museumshistorie. Et helt gardstun ble samlet på museum tilnærmet slik det var på 1700-tallet. Anders Sandvig besøkte Bjørnstad sommeren 1901 og fikk da vite at eieren ikke ville selge garden stykkevis og delt. Sandvig ønsket å kjøpe hele garden. I 1898 var den oppmålt og vurdert som «den i antikk stand mest komplet bevarede i Gudbrandsdalen». Sandvig fikk håndgivelse på eiendommen for 26000 kroner, men hvor skulle han få pengene fra? Aksjeselskapet Bjørnstad så da dagens lys, og 32 av byens borgere kjøpte aksjer. Formålet var å kjøpe Bjørnstad slik at de antikvariske husene kunne bli en del av De Sandvigske Samlinger. Kjøpekontrakten ble underskrevet i 1904.

I 1908 kunne garden avvikles med tanke på å flytte bygningene til Maihaugen. Målet var å få Bjørnstad gjenoppført til 100-årsjubileet for grunnloven i 1914. Over 20 hester fraktet tømmeret fra Lalm til Otta. Der overtok jernbanen, og på Lillehammer stasjon rullet vognene med den dyrebare lasten inn etter tur.

Nystuen. Da gammelfolket overlot garden til sønnen, måtte de slippe ungdommene til i det våningshuset de hadde bygd 10 år tidligere. Velbeslått som kårfolket var, kunne de bygge seg en riktig staselig føderådsbygning i 1787.

Løytnantstua (Aurbustua). I 1704 hadde Christen Paulsson på Bjørnstad vært i København og vunnet en sak for Høyestesrett. Gavmildt hadde han delt ut skillinger til de fattige i Kongens by. Han hadde hatt nok å ta av. Hjemvendt fra den glade by med lettere pung og med hodet fullt av nye inntrykk, fikk han ideen til å bygge huset. I tillegg til københavnturen er det trolig hovedbygningen på prestegarden i Vågå som har vært inspirasjonskilde for Christen. Tømmeret er felt vinteren 1706/1707 og ble tømret opp i løpet av 1707. Det ble stående i to vintre for å sige før peis og pipe ble murt og resten av innredningen kom på plass. Peisjernet har initialene hans, CPS,



*Sæterdalsskapet som står i Bjørnstadtunet.*


*Naust, trolig fra Russvatnet.*

og årstallet er 1709. Som prestegardsbygningen har Løytnantstua to unngangsdører fra den åpne svalgangen som er trukket inn i bygningskroppen. Huset har to klever med peis i hver av dem og separat kjøkken. Stua er et rent oppholdsrom med vedfyrt jernovn. Begge bygningene har halvannen etasje og flat himling.

Teigsetra. Bygd på 1600-tallet, melkebua fra 1700-tallet. Flyttet 1921. Dette lange huset er egentlig to som er bygd sammen med en gang. Selet er i prinsippet lik Lesjabua med inngangsdør i gavlen. Denne bygningen peker bakover til middelalderen, det samme gjør ljoren og åren. I et enklere hus måtte melka oppbevares inne i selet, på Teigsetra var det egen melkebu.

Valbjørsetra. Selet, stallen, fjøset og kokehuset fra Valbjøsetra i Gringsdalen. Flyttet 1936. Kokehuset skiller seg ut fra de andre husene på setra. Det er oppført i grovt tømmer og er ikke forseggjort. Huset har ett rom med dør i gavlen. Opprinnelig var det jakt- og fiskebu. Det hadde åre og ljore, men fikk gråsteinspeis da det ble ystehus på setra.
To vinduer er trolig satt inn samtidig med peisen. På golvet – også



*Fiskebu fra Birisjøen.*

i svalgangen – ligger uregelmessige steinheller. Over døra er årstallene 1690 og 1791 risset inn. Naust, trolig fra Russvatnet.

Fiskebu. Fra Birisjøen. Trolig fra 1700-tallet. Peisen i hjørnet, en vindusåpning på gavlveggen med et bord foran var den nødvendige innredningen for jegeren og fiskeren når de holdt til i fjellet.

Pottemakeriet. Gjenreist 1942. Bygningen er utført i laft og utmurt bindingsverk – en sjelden byggeteknikk i Gudbrandsdalen. Det var forekomster av god leire i Vågå, Lesja og Fåberg. Klokkeren i Vågå anla det som ble kalt en pottemakerfabrikk i 1785. Et annet pottemakeri ble bygd opp på Heidalsskogen i 1814 av en mann som hadde gått i lære i Trondheim.

(Tillegg ved red.: Dette huset var ikke pottemakeri mens det sto i Vågå, det var huset til fargeren og sto på Øyen på sørsida av Finna, sjå Erik Holøs artikkel i Årbok for Gudbrandsdalen 2012.)

*Alle foto: Knut Raastad.*

# Noko om Tolstadskriu og Jo Gjende

Av Knut Raastad

Jakob Sagflaten skreiv ein artikkel om Tolstadskriu i Årbok for Gudbrandsdalen 2006. Der nemner han at Tolstad hadde Tolstadskriu i bygsel på 1600-talet, og at Tostin Knutsson Kleppe kjøpte Tolstadskriu, men selde garden til ein av sønene til Hans Pålsson Tolstad sist på 1600-talet. Vidare meiner han at Tolstadskriu var nytta som slåtteland i lang tid fram til 1870-talet. På Maihaugen er det ei årestugu frå Tolstadskriu som vart oppført ca. 1775. Huset vart flytta frå Tolstadskriu i 1896 og reist i hagen til Anders Sandvig i 1899 og flytta til Maihaugen 1904.

I Gudbrandsdølen 8. april 1924 stod ein artikkel om Arne Skriden underteikna «M», den er attgjeve i «Vågå – i mål og minne» 2005 (Mållaget Ivar Kleiven). Der står det om Arne Skriden (1850-1942) som dreiv ferdmannskvile i Tolstadskriu og som rydda jord og bygde opp alle husa der. Da han starta der i 1876 var det berre ei lyu som Tolstad brukte til å ha lauv o.l. i om hausten. Korleis dette heng saman med at årestugu stod der fram til 1896 er uklårt, kan det vera den som var brukt som lyu?

Arne Skriden vart i 1875 gift med Ymbjør Jonsdotter (1830-1914). Sagflaten skreiv i artikkelen i årboka at Ymbjør var dotter til Marit Johannesdotter f.1795 på Kagrud i Heidal. Mari Lien skreiv i tillegg til artikkelen frå Gudbrandsdølen at ved vigsla kalla Ymbjør seg Steine da ho voks opp i ei stove i Steinejordet. Far til Ymbjør var Jo Gjende, han vart stemd for retten på Lye som var sorenskrivargard og hadde tenkt å nekte da ein rev skreik så stygt at Jo tok det som eit teikn og vedgjekk farskapen. Ymbjør hadde ei nål ho hadde fått frå faren.

I Gudbrandsdølen i 1959 hadde Einar Hovdhaugen ein artikkel om Jo Gjende i samband med boka til Tryggve Steen. Litt seinare skreiv Torger Iverstugun eit innlegg med overskrifta «Jo Gjende la nedåt bjørn, men makta ikkje kvinnfolk» med bl.a. dette avsnittet: «Da eg las Einar Hovdhaugens interessante artikkel her i bladet for 14. november, kom eg på eitt og anna ein mann frå Lalm har fortalt meg. Eg vil i parentes

få sagt at denne karen er både nøktern og god til å fortelja. Han fortalde etter far sin som heitte Ola og budde i Ottadalen. Etter det eg kan forstå laut han Ola vera ein godt utrusta og gløygg kar, og ein humorist. Somme trudde til og med at han Ola hadde kjennskap til trollkunster. Dette hadde vorte spurt, og ein dag fekk han Ola besøk av Jo Gjende. Da pratet hadde gått ei stund, laut han Jo fortelja ærendet sitt:
Han hadde forvilla seg i eit kvinnfolk som han nok ikkje leit på fullt ut, og dette skulle han Ola hjelpe honom med. Han Ola – som ikkje kunne trollkunster – visste ikkje si arme råd, da han på sett og vis ville unngå å fornærme han. Han ga honom nokre gode råd og kom seg frå det på ein pen måte.»



*Foto av Jo Gjende i Aftenposten 30. september 1935.*

# Pioner innan handarbeidsundervisning

Av Helene Hovden

Caroline Ingeborg Halvorsen (1853-1926) frå Vågå var ein pioner innan handarbeidsundervisning. Ho var lærar ved Den kvindelige Industriskole i ei årrekkje og skreiv fleire bøker som vart brukt i skuleverket.



Halvorsen blir sett på som ein banebrytar for metodisk handarbeidsundervisning frå 1880-åra og heilt inn i mellomkrigstida.

**Lærte av mora**
Caroline Halvorsen var fødd og budde den fyrste tida av oppveksten sin på småbruket Kjøpanger i Vågåmo, ein tidlegare husmannsplass under Vågå prestegard. Faren, Hans Halvorsen, var opphaveleg frå Lom. Han var underoffiser, den fyrste «justisvaktmeister» ved fengselet på Brævangen og justisvaktmeister ved Gjøvik distriktsfengsel. Mora, Kari Andersdatter Mo, kom frå Kjøpanger. Ho hadde gått i skule hjå vågåpresten Hans Peter Krag, og praktiserte mellom anna som jordmor. Det var av mora Caroline lærte å veve, sy og strikke.

Da Caroline var 22 år gamal begynte ho som ein av 65 elevar i det aller fyrste kullet på Den kvindelige Industriskole i Christiania. Vågåjenta må ha utmerka seg på skulen da ho alt året etter vart tilsett som lærarinne i saum ved skulen. Alt i 1881 gav ho ut ei bok om linsaum. Dette vart den aller fyrste læreboka i praktiske fag som skulen tok i bruk.

**Studerte i Europa**
I 1891 begynte Den kvindelige Industriskole med vidareutdanningskurs for lærarinner i folkeskulen og middelskulen. Caroline leia desse kurs i over 30 år, heilt fram til ho var 70 år gamal og slutta i stillinga si. Caroline var ikkje nøgd med korleis utdanninga av handarbeidslærarinne gjekk føre seg, og meinte undervisninga i skuleverket i staden burde fokusere meir på elevanes behov for klede, enn på utvikling av tekniske ferdigheiter. Derfor reiste ho i åra fram mot 1900 rundt i Europa og studerte, samtidig som ho parallelt skreiv bøker som kunne brukast i skuleverket. Da Caroline gjekk av som lærarinne ved Den kvindelige Industriskolen i 1923 fekk ho Kongens fortenestemedalje i gull.

**Evnerike søsken**
Hans Halvorsen og Kari Andersdatter Mo fekk til saman 10 barn, sju av dei voks opp. Alle blir omtala som svært evnerike, deriblant språkforskaren Halfdan Andreas. I tillegg til Caroline arbeidde søstrene Anna Louise og Ingeborg også som lærarinner ved Industriskolen. I årboka for Gudbrandsdalen 1946 fortel Kristen Holbø om familien i «menneskje eg minnast». Han fortel der om mora, Kari, som dreiv krambuhandel i Vågåmo og bygde opp «Kvilheim» i Moom. «Familien Halvorsen har gjort ein stor og ærefull innsats på mange vis, og det er ei ære for Vågåbygdi å ha fostra slik ein syskinflokk». Caroline døde i Oslo i 1926.

Kjelder:
Norsk biografisk leksikon
Lokalhistoriewiki
Årbok for Gudbrandsdalen 1946
Bredebygden lokalhistoriske selskap

*Foto: Caroline Halvorsen, foto etter Augusta Holmboe, Vågå historielags fotoarkiv.*

# Gamleskulen i Vågåmo og Arnstein Arneberg

Av Ivar Viste Flatum

I Årbok for Gudbrandsdalen 2016, hadde eg ein artikkel om den gamle skulen i Vågåmo. Der går det fram at den kjente arkitekten Arnstein Arneberg i 1912 teikna forslag til skulehus etter oppdrag frå skulestyret i Vågå. Desse forslaga er idag arkivert i Nasjonalmuseet for arkitektur og design. Mappa har påskrift "Vaagemo skole 1912". Her er to utkast. Båe har gjennomarbeidde fasadar, og ber Arneberg sitt tydelege nasjonale preg.

Skissene er ljoskopierte og har med tida fått litt misfarge. Dei vart då likevel fotograferte til bruk i årbokartikkelen – eg ser på dei som interessante. Slik kunne gamleskulen i moom like gjerne vorte sjåande ut! Av ein eller annan grunn har redaktøren utelate dette bildematerialet frå artikkelen. Dette er eg lei meg for. Då det truleg fins ein del lesarar som kan vera interesserte i arkitekt Arneberg sine planar med dette, har redaktøren for Jutulen sagt seg villig til å ta dette materialet inn der. Lesaren får da sjå på dette som eit supplement til årbokartikkelen.

Om dette kan ellers seiast: På denne tida hadde Arneberg teikna i alt sju skuleanlegg her i Austlandsområdet. Det mest kjente er truleg Eidsvoll folkehøgskule frå 1907 (seinare Eidsvoll off. Landsgymnas). Utkasta til "Vaagemo skole", vart truleg utførte på same tid som han teikna Darthuse for Halfdan Mustad.

Så ser vi i møtereferatet frå Vågå skulestyre 1.7.1912 at Arneberg`s forslag blir for «kostbart». Han blir oppmoda om å revidere (forenkle) til eit «billigere bygg». Så får dei ei ny teikning på bordet, men skulestyret kan då med stor undring slå fast at dei her har for seg eit større, forbetra og sjølvsagt enda «meire kostbart» bygg.

Vågå skulestyre er nok ikkje klår over at denne arkitekten ikkje teiknar billege skulebygg. Eit skulehus var for honom eit monumentalbygg.

Han har forbetra det fyrste ukastet sitt han! Pris bryr han seg ikkje om. Vi skal vidare sjå korleis dette blir handsama. I alle fall dreg det heile i langdrag og byggjeprosjektet blir innhenta av den 1. verdskrigen. Resutatet av revisjonsforlaget til Arneberg fører til slik reaksjon i skulestyret:

*«Vaage skolestyre har i møte den 8.3.1913 behandlet den av Vaage herreds – og skolestyrets valgte komites vedlagte plan for skolehus i Vaagemo. Skolestyret har anbefalt til vedtag den av bygmester Øverstedal utarbeidete plan der er beregnet til at koste kr 22000,-. Som bekjendt av skolestyret og herredstyret, at den tidligere plan skulde revideres av arkitekt Arneberg, – men han har utarbeidet en helt ny plan, der viser sig av foretagne beregninger at vilde koste ca. kr 28000,-. Det nedsættes i den anledning en komite til at fremkomme med forslag til en anden plan. Enstemming besluttedes. Herredstyret henholder sig til hvad skolestyret er anført,*





*Fasadane av andre utkastet.*



*Vågåmo skule vart oppført i 1916 etter byggmeister Johan Øverstedal si teikning. Huset er aksefast med symmetri om tverraksen. Dette gjev huset eit strengt klassisistisk preg. Arneberg sine utkast er asymmetriske. Dette gjev meir varierte fasader. Biletet er frå ca. 1950. Fotograf ukjent.*

*og vedtar den av bygmester Øverstedal sidst utarbeidede plan til skolehus i Vaagemo, der er beregnet til at koste kr 22000,-. Differansen blir da mot tidligere vedtaget kr 6000,-»*

Ja, – slik gjekk det med Arneberg sitt prosjekt!
Skulen, slik tilårskomne vagverar hugsar den, vart teikna og bygt av Johan Øverstedal. Og – heile historia finn du då i Årboka frå i fjor.

Kjelder:

Fylkesarkivet, Lillehammer. Herredstyreprotokollar for Vågå i perioden 1912-16.
Mørch, Ole Morten: Arnstein Arneberg, Mennesket og arkitekten. Byggverkene og byggherrene.

# Prolog til budeifesten

Av Sigurd Evensen

Prolog til budeifesten 26.9.1959 på Lalm Samfunnshus

Kaldt og hustrè – rim på bøom
sjogen kvit ligg langt ni høom
slik hausten kjem kvar enda gong
og tagna er nå fuglesong.

Såre raut frå sæterkve
kuas lengt mot bygda ned.
Heime veit ho er å få
frisk og saftfull kløverhå.

Og budeia skjønar kua si
«i morgon snille Fjellros mi
er sisste dagen for i år
du på sæterkvea går.»

Og så er bufardagen der
lasset lest – og heim det ber
Lås er sett på sæterdør
og kua råket finn som før.

Budeia snur seg – roleg stend
eit sisste blikk mot sætergrend
Avskjed tung seg ofte fell
med sæter – fly og fjell.

Vi i bygda ynskjer deg
velkommen heim att med ditt fe
og velkommen hit i kveld som gjest
for deg vi lagar fest.

Og festen væra skal ein takk
til deg for strevet du har hatt
i sætersel så vel som bu –
og stell av kalv og ku.

Så vonar vi at neste vår
når bjørka atter lauvet får –
når vi i sætergrenda fær
du budeie framleis er.



*I Grasviken. F.v. Marie Sandviken (Dalen) og Rønnaug Nyrnes . Foto frå Magne Dalen.*

# Roald Tvedt – i takt med naturen

Av Ketil Sandviken


*Roald Tvedt. Foto: Ketil Sandviken.*

Det kom ikkje uventa, men er like fullt trist å tenkje på at den fremste beraren av den rike målartradisjonen i Vågå i nyare tid nå har gått bort. Roald Baardsen Tvedt gjekk ut av tida 29. september 2016, nær 81 år gammal.

Jazzgitaristen og kunstmålaren frå havgapet vart bergteken av Ottadalen og Jotunheimen på ein fottur i hop med den danske dansaren og skodespelaren Hannah Rahlff sommaren 1967. Seks år seinare braut Rahlff opp frå eit hektisk liv i Kongens København og slo seg ned i Vågå. Tvedt fylgde etter, og det vart eit livsvarig kjærleiksforhold til bygd og kvarandre.

I løpet av desse åra hadde Tvedt heile 38 utstillingar. Den stillfarne og smålåtne, men høgreiste bergensaren kom i kontakt med Trygve Haakenstad og Jehans Holbø, og trioen danna eit fint målarmiljø. Etter kvart vart han att som den einaste profesjonelle kunstmålaren i den tradisjonsrike målarbygda, og folk i Ottadalen visste å setja pris på dei årvisse juleutstillingane, i seinare tid også fire somrar i Galleri Jotunheimen på Hindsæter. Høgt verdsette Haakenstad sa at Tvedt var av dei større i Gudbrandsdalen i nyare tid.

Han hadde nok hug til å freiste det meir abstrakte, og gjorde det nok for eigen del, men det var naturskildringane folk sette pris på. Mi erfaring er at det er slike motiv folk vil ha, sa Tvedt til meg da han skulle opne juleutstilling nummer 18 i 1997 med 36 utvalde harmoniske landskaps-

måleri, det som blir kalla naturalisme, eller som han sjølv karakteriserte som i gammal stil. Det varme ljoset i måleria hans vart eit særpreg som fekk folk til å smelte, og lever vidare i tusentals heimar til minne om ein høgt verdsett kunstmålar som via livet sitt til eit folk og ei bygd han vart så glad i.

Det er vi som bør takke.

**Faktaopplysningar** (frå wikipedia):
Roald Baardsen Tvedt, fødd 17. november 1935 i Bergen, død 29. september 2016, var ein norsk biletkunstnar. Han hadde atelier i Vågå i Gudbrandsdalen sidan 1973 og var gift med den danske skodespelar Hannah Rahlff.

Tvedt tok fleire fag ved Bergen Musikkkonservatorium. Tvedt var på 1960-tallet jazzgitarist og spelte blant anna på Hotell Neptun i Bergen saman med Laila Dalseth, Kåre Bulko og Roald Knudsen.
Tvedt vart tildelt Kongens fortenestemedalje i 2008.

Utstillingar:
Juryerte utstillingar: Vestlandsutstillingen, Opplandsutstillingen
Kollektivutstillingar: Lillehammer Kunstforening, Gjøvik Gård, Per Gynt-Stevnet, Vinstra, Kleppe-sommeren, Vågå Dågå mm.
Eigne utstillingar: Vågå, Lom, Dombås, Lesja, Sømna, Geiranger, Bergen, København. Første utstillar i nyopna Galleri Jotunheimen, 2004. Stilte ut same stad 2005, 2007 og 2008. Innkjøpt av bl. a. Oppland fylke, Gjøvik kommune og diverse bankar, institusjonar og hotel i Norge, Danmark og Tyskland.

# Skiguden Ull

Av Knut Raastad



Prestgarden i Vågå har namn etter skiguden Ull. Ullinsin/Ullensyn i ulike skrivemåtar er nemnd i mange brev frå 1354 til 1521, bl.a. Vllyzøn sokn i 1397: Vllinsin 1354, Vllinsini 1356, a Vllynssyni, Ullynssyn 1383, Vllyzøn sokn 1397. Vllinsønz s. 1403, i Vllænsyn 1430, Ollensøy 1432, i Vllenssøyn 1436, a Vllensyni 1443, i Vlensøø 1444, Vllenss 1446, Ollensøi 1455, a Ullensin 1478, Vlenshoff 1491, Vlensø, Vllennsø, Vllisøn 1418, Hwllyshye 1510, Wllønssøø 1521. Etter at garden ikkje lenger er prestgard har det gamle namnet vorte teke i bruk att i forma Ullinsvin.

Etter Oluf Rygh er det fleire gardar med samansetningar med Ullin, han nemner Ullinshov som det gamle namnet på Ullensaker prestgard, Ullinshov som det gamle namnet på Nes prestgard på Hedemarken, Ullensaker i nordre Land og Ullensvang i Hardanger. Også i Nes på Romerike nemner han ein gard med namnet Ullenshov, denne ligg der Gloma og Vorma møtest. Med unntak av den siste er alle gamle kyrkjestadar, og Rygh set dette i samanheng med at kyrkjer gjerne vart lagt dit heidne gudar tidlegare hadde vore dyrka. Også mange andre stadar har namn etter Ull, som Ullern/Ulleren og Ullevål i Oslo, Ullerøy i Sarpsborg, Ullerål på Ringerike, Ullandhaug ved Stavanger samt Ulland/Ulleland mange plassar både på aust-, sør- og vestlandet.

Snorre nemner i «Den yngre Edda» Ull som ein av æsene. Han var son til Siv, og steson til Tor. Han er så god bogeskyttar og skilaupar at ingen kan tevle med han. Han bør ein kalle på når ein skal i tomannsstrid. Den eldre Edda nemner at det heiter Ydalar der som Ull har reist husa sine. Ydalar skal vera namnet på dalane der dei fann yr som er det norrøne ordet for barlind, dette var mykje brukt til å gjera bogar av. Gesta Danorum (Danskenes historie) nemner at Ull (Ollerus) styrde Midtgard i nesten 10 år. Ull gifta seg med Skade, dotter til jotnen Tjatse, etter at ho skilde seg frå Njord. Også Skade er nemnd som skigud.

Thor Heyerdahl og Per Lilliesträm meiner i boka «Ingen grenser» at opplysningane i Snorres kongesoger om at Odin og hans folk kom frå aust må takast bokstavleg. Heyerdahl og Lilliesträm meiner at dei kom frå Kaukasus og Svartehavsområdet og tidfestar dette til åra etter 60 e.Kr.

Også Sveinung Gihle Raddum har i boka «Norges jernalder. Forfedrenes opprinnelse» teoriar om at Odin og hans folk kom frå aust for Svartehavet, kanskje også frå aust for det Kaspiske hav. Han meiner at forfedrane deira, æsene, kom frå enda lenger aust. Med grunnlag i kinesiske kjelder nemner han vandring frå Gansu i Kina til områda ved Ile-elva år 162-161 f.Kr. Han meiner at enkja til kongen leia denne vandringa og at sonen Ull vart fødd under denne vandringa, og at han sidan voks opp i området ved Ile-elva. Ile-elva er i sentral-Asia på båe sider av nåverande grense mellom Russland og Kina, Alma-Ata er også i dette området.

Fridtjof Nansen har i boka «Paa ski over Grønland» ei lengre utgreiing om bruk av ordet for ski, og konkluderer at opphavet kom frå eit felles område: «Denne fælles egn skulde da være egnen omkring Altai-bjergene og Baikal». Altaj-fjella er vest i Kina på grensa mot Russland og Mongolia. Med bakgrunn i brearkeologi i Nord-Gudbrandsdalen og funn av ski i Reinheimen i 2014 har bl.a. Dag Inge Bakke frå Vågå og fylkes-arkeolog i Oppland Espen Finstad i januar 2016 vore i Altaj-fjella i Kina. Skihistorikar og tidlegare generalsekretær i Kinas skiforbund som har skrivi boka «The original Place of Skiing» uttala at «Skikulturen i Altajfjella er den første, akkurat som Nansen sa».

Kjelder:

Diplomataricum Norwegicum
O.Rygh: Norske Gaardnavne
Snorre Sturlasson: Den yngre Edda
Snorre Sturlasson: Kongesoger, Ynglingesoga
Den eldre Edda: Grimnesmål
Fridtjof Nansen: Paa ski over Grønland
Thor Heyerdahl og Per Lilliesträm: Ingen grenser
Sveinung Gihle Raddum: Norges jernalder
Simen Tveitereid: Her er skisportens vugge. DN-magasin 12.2.2016
Wikipedia: Ull

*Illus: Ullensakers kommunevåpen viser guden Ull.*

# Posthistorie for Vågå kommune, Vågåmo, del 2, 1892-2001

Av Gunnar Gjesling Sandbo

Som nevnt i Jutulen 2016, overtok Urmaker Anders Lundh poståpnerstillingen fra 15.8.1892. Anders kjøpte gården Formo (senere hos Berge, og som vi kjenner i dag: Brødrene Storlien).


1/8-96.
den 25/6-1902
Under nr. 1019 er der dags dato indleveret et brev til
Hypotekbanken, Kristiania
med pengeindhold: Kr. 100.00
kroner øre.
Brevet er konvolutteret og forseglet paa anordnet maade.

*Postkvittering med Anders sin underskrift. Stempel var noen ganger til reparasjon, og da ble navnet håndskrevet.*

På slutten av 1890-tallet ble det bygget et sveitserhus på tomten, der noe av det gamle huset ble innbygd. Etter at Anders kjøpte Formo, var han både poståpner, urmaker og fotograf. Anders Lundh var poståpner frem til 1.4.1921, da datteren Anna overtok som poståpner.



*Lundh-familien på Formo, med 3 poståpnere. Øverst til h. Anders, helt nede til v. Anna, og øverst til v. Andreas. Fotoutlån Syver Berge, fra Vågå Historielags fotoarkiv.*

Når det nye huset ble bygd, kom posthuset dit, og senere kom det til den delen sm var nærmest mot Vågåheimen, delen hvor postkontoret var, er den delen på bildet som er tømret.

Som nevnt, Anna tok over etter faren 1.4.1921. Hun giftet seg med Thor Valbjør i 1924, men fortsatte som poståpner til broren, Andreas, overtok i 1927. Andreas hadde posthuset i sin egen bolig (nå nabo til samfunnshuset). Huset hadde den gangen 2 dører i front av bildet, en inn til



*Anders Lundh og Hans Kvarberg ved porten inn til posthuset i 1896, foto fra Grete Steigen, Vågå Historielags fotoarkiv.*



*Bilde tatt fra trekanten mot Formo.*

postkontoret og en til postboksene. Andreas var poståpner frem til 14.1.1951, da posthuset ble flyttet til bilkontoret, og Leif Kåre Høgevold overtok som poståpner. Høgevold bodde på Dombås, og kjørte fra der hver dag, over Rusten til Vågå og tilbake.



*Stedfortreder for postkjører Iver O. Svare foran posthuset slik det var etter 1905. Svare ble ansatt som postkjører fra Vågå til Garmo fra 16. oktober 1905. En ser postkassen over bakdelen på hesten.*

Unntaket var noen få dager hvor det ikke var fremkommelig over Rusten, og han måte kjøre om Otta. I Høgevolds tid ble posthuset i 1978 flyttet til Eidefossbygget, i underetasjen. Høgevold var poståpner frem til 1.8.1983.



*Slik ser huset ut i dag. Den delen som er tømret, er det som var posthus fram til 1927.*

Fra da og frem til 15.1.1984, var Ragnhild Nyhagen konstituert, og fra 15.1. 1984 ble Kåre Våge ny poståpner (eller poststyrer, som var tittelen nå). Han var i stillingen frem til 31.1.1989. Fra 1.2.1989 ble Kari Steihaug ansatt som poststyrer, en stilling hun hadde frem til postkontoret ble nedlagt 10.9.2001. Dette postkontoret ble da det siste i Vågå, før det ble PIB. Fra 11.9.2001 ble det Post i Butikk (PIB) også i Vågå, og det var Coop Mega som fikk ansvaret for posten.

**Litt om utviklingen av skriveformen for Vågå**

Som nevnt i Jutulen 2016, hadde stemplet fram til 1898 navneformen Vaage. Dette fortsatte også lenger, men det kom nye stempeltyper.



*Bilde tatt fra fremsiden av huset til Anders Lundh.*



*Det nye Sveiterhuset på Formo. Foran døren til venstre Anders Lundh, i døren til høyre står Ingebog. Ingeborg var datter til Anders, og ble gift med Syver E. Berge, som senere overtok Formo, og startet med butikk. Postkort fra GB.*

Disse skal vi ta for oss senere. Navneformen Vaage ble brukt frem til 1.7.1917, da kom denne skrivemåten: VAAGAAMO. I 1927 ble Å tatt i bruk, og nå var det VÅGÅMO som ble brukt. Dette var navnet frem til 1.7.1996, da ble det kun VÅGÅ. Bakgrunnen for dette var at posthusene på Tessanden og Lalm var nedlagt, og Vågå Filatelisklubb kom med et forslag om at postkontoret heretter burde hete VÅGÅ, da det ikke lenger var bruk for å skille tettstedene fra hverandre, og at kommunenavnet da ble brukt som den nye adressen. Både Posten og kommunestyret godtok navneforandringen, og denne ble som nevnt, tatt i bruk fra 1.7.1996 på alle poststemplene.



Blanket no. 214.

# Kontrakt

## om postbefordringen.

Vaage – Garmo

Undertegnede Iver O. Svare

paatager sig herved til de tider, som nærmere bestemmes, og under nedenstaaende betingelser og forpligtelser, at befordre posten med Hest og Kjøreredskab 4 Gange ugentlig fra Vaage Postaabneri om de til Enhver tid mellemliggende Postanstalter til Garmo Postaabneri til Forbindelse med Posten til og fra Skiaaker og samme Vei tilbage, i 3 Maaneder aarlig 20 Juni – 20 September – opholdes ved Garmo Postens Ankomst fra Skiaaker.

1. Posten befordres af Postbefordreren selv eller under hans Ansvar af en paalidelig voxen Mand.

   Den bliver at befordre uden ophold underveis og forøvrigt saa hurtig som muligt.

2. Postvæsken skal under postens befordring beskyttes omhyggelig mod væde, ~~og ved baadpostbefordring være fastbunden i baaden.~~ Den maa ikke benyttes til sæde for befordreren. Befordrere af kjørende poster maa efter poststyrelsens nærmere bestemmelse holde de nødvendige lygter.
3. Postsager maa ikke, uden hvor speciel tilladelse dertil er given, medtages udenfor posten, ligesaalidt som der under befordringen overhovedet maa overtages udførelsen af private ærinder.
4. Postbefordreren er ansvarlig for de ham anbetroede postsager og det postvæsenet tilhørende materiel i alle tilfælde, hvor han ikke kan godtgjøre, at skaden eller tabet er foranlediget ved en uafvendelig naturbegivenhed eller lignende.
5. Postbefordreren besørger postvæskernes ind- og udbæren til og fra postanstalterne.
6. Uordener, som maatte bemerkes med hensyn til poster eller deres befordring, skal af postbefordreren anmeldes til nærmeste postaabner eller til vedkommende overordnede postljenestemand.
7. Saafremt der fra postbefordrerens side vises nogen forsømmelse i ovennævnte henseende, erlægger han efter poststyrelsens kjendelse en mulkt af fra 2 til 20 kroner; derhos kan poststyrelsen i tilfælde af forsømmelse eller uorden, om den saa maatte finde for godt, straks afskedige postbefordreren uden forudgaaende varsel.
8. Postskydslønnen, der udbetales kvartalsvis af Lillehammers postkontor, bestemmes til 500 – fem hundrede – Kroner aarlig samt for i 3 Maaneder aarlig – 20 Juni – 20 September – ved Garmo Postaabneri at oppebie Postens Ankomst fra Skiaaker og befordre Post fra Garmo paa Retur til Vaage desuden 10 – ti – Øre pr. Kilometer.

Poststyrelsen overdrager herved under ovenanførte betingelser den omhandlede postbefordring til

Iver O. Svare

April 1903.

*Postkjørerkontrakt fra 1905, for Iver O. Svare, for ruta Vågå – Garmo. Utlån: Ymbjør Barikmo.*



*Andreas Lundh med sin kone Berit.*
*Utlån Margrethe Lundh Aukrust.*



*Huset til Andreas Lundh.*




*Bilkontoret, hvor posthuset var fra 1951 til 1978.*



*Her i underetasjen var postkontoret fra 1978 til det ble nedlagt i 2001.*









*Over brev med enrings Vaage,*
*i bruk fra 1859-1898.*
*Til høyre liten toringsstempel.*

**Litt om stempeltypene**
VAAGE i stenskrift var i bruk fra 20. januar 1859, enringsstempel. I 1898 kom så toringsstempel med samme skrivemåte, brukt frem til navneforandringen i 1917, da vi fikk toringsstempel av schweizertypen med navneformen VAAGAAMO. Ved navneforandring i 1927, ble Å tatt i bruk, og vi fikk sveiserstempel med VÅGÅMO. (Tidvis var det for lite stemler, eller noe var til reparasjon, da fikk en ta i bruk reservestempler. Dette var stempler en kunne sett inn løse typer, og de var ikke av god kvalitet). Sveiserstempel Vågåmo kom etter hvert i flere utgaver som var i bruk frem til 1938. Etter dette kom toringsstempel med tverrbjelker, og toringsstempel uten tverrbjelker, ca.1938 og 1954.




*Torings sveiserstemler med navneform Vaagaamo og Vågåmo, de to til høyre er reservestempler.*




*Torings stempler med og uten tverrbjelker. Diverse enrings med postnummer, i bruk fra 1969 til posthuset ble nedlagt.*




*Postkort stemplet siste dagen det var postkontor i Vågå, og signert av de som arbeidet der denne dagen.*




*Kvitteringsstemplet som brukes på PIB.*

I 1968 ble postnummer tatt i bruk i Norge, og i løpet av 1969, ble det også bestemt at postnummer skulle brukes i stemplene. De første stemplene med postnummer 2680 Vågåmo ble tatt i bruk i desember 1969, og heretter var det bare enringsstempler. Det kom etter hvert mange forskjellige av disse, da behovet for mange stempler samtidig ble et krav. Det skulle være stempler ved hver kasse og i sorteringen, og det var behov for stempelmaskin i tillegg. All post ble stemplet lokalt den gangen, i motsetning til nå da alt går til en sentral for stempling og sortering. Som nevnt tidligere, ble det fra 11.9.2001, Post i butikk (PIB), og alle stemplene ble levert inn. PIB har kun et gummistempel, som egentlig er beregnet kun som en kvitteringsstempel. Denne har et enhetsnummer, samt rubrikk for dato, ev. signatur. Den kan i enkelte tilfeller også bli stemplet på brev, men dette gjelder helst når det er snakk om tidsfrist for levering av for eks. søknader som skal være levert innen en viss dato. Her er egentlig posthistorien for Vågå slutt, hva gjelder postkontor. Forandringer fra Posten gjør at bruk av frimerker, framsending av post A og B, reduksjon av dager med postutdeling o.s.v. stadig er i forandring, men at det ikke vil komme att noe postkontor, vet vi. Posten er ikke lenger hva den var. PIB er nok kommet for å bli, i hvert fall i overskuelig fremtid, og er et godt alternativ.

Kilder:
Posten, Norge
Egen forskning
Bilder:
Egne hvor ikke annet står

# Dovregubbens Hall

I Jutulen 2016 skreiv Erik Holø om gründeren Sigurd Nyhus der det bl.a. blir nemnd byggjinga av Dovregubbens Hall. Han baka tømmeret på sagbruket sitt på Tessanden og kjørte med lastebil til Dovrefjellet.
I Årbok for Gudbrandsdalen 2010 skreiv Holø at det var Knut Odnes (1878-1966) som lafta opp bygget på Tessanden. Erik Holø kjem nå med meire opplysningar, han meiner at den som var med Knut Odnes med laftinga var bror hans Ivar Brun, og truleg var Andreas Arnøygard og Knut Tessand (Sandrunningen) med også. Holø trur at det var dei same som sette opp bygget på Dovrefjellet. Over inngangen står byggjeåret 1938.



*Dovregubbens Hall frå gammalt postkort. Utlån: Magne Dalen.*




*1938 står det over inngangsdøra. Foto: Knut Raastad.*

Årbokartikkelen i 2010 handla om Bergfamilien på Blessomøyen (der Kiwi er nå), og det står om at det var Amund og Ragnvald Berg som leverte dører og glas med alt smiarbeid til Dovregubbens Hall. Utskjæringane i midtstolpane er det snikkaren og treskjæraren Arnfinn Uppheim som har gjordt. Holø seier at alt var ferdig, men så kom storflaumen i månadskiftet august-september i 1938 og reiste med alt. Alt måtte da gjerast ein gong til.

Det var Martin Blæstrud som starta Dovregubbens Hall, han var far til Rakel Onsum Berg som dreiv vidare og bestefar til nåverande eigar Mette Onsum Berg. Rakel var også kunsthandverkar med stor produksjon av biletvev, kartongane til teppa vart for det meste laga av kunstmålar Trygve Håkenstad. Erik Holø opplyser at far hans Andreas Holø kjende godt Martin Blæstrud, og at det var han som formidla oppdraget med byggjinga til folk i Vågå.



*Nils Amundsen Berg, i bakgrunnen den øydelagde verkstaden.*
*Foto etter Ragnvald Berg, Vågå historielags fotoarkiv.*

# Paul Jacobsen Kleiven

Av Vegard Veierød



Paul Jacobsen Kleiven vokste opp på gården Søre Kleiven ved Eidefossen på Lalm. Han levde mesteparten av sitt voksne liv på Kleivsetra i Bøneslia. I 2014 var det 150 år siden han ble født. Han var en dyktig snekker og treskjærer som lagde flotte møbler og bruksgjenstander, på ei seter langt inni fjellet. Paul var alltid i bakgrunnen av sin bror Ivar, den folkekjære lokalhistorieforfatteren og driveren av seterpensjonatet Kleivsetra. Av den grunn er det få som vet at Paul var en viktig bidragsyter til at Ivar og moren Brit kunne bo på setra. Lite har blitt skrevet om Paul og denne artikkelen forteller om noe av det livet Paul levde og det han skapte frem til han døde 26. februar 1936, 71 år gammel.

Som nest yngst i en søskenflokk på fem, ble han født 15.juli 1864, omtrent ti år etter Ivar. Gården Søre Kleiven, som faren Jacob Iversen Snerle-Kleiven overtok etter sin far Iver Christensen Snerle, ble kjøpt i 1803. Hovedbygningen på gården laftet bestefaren opp og Ivar nevner i et brev at; «Stugu på Kleiven har bestefar min bygt. Han var slik kar til å skjera ut og krote, han.»(1) Både bestefaren og faren til Paul og Ivar var flinke snekkere og gode til å skjære i tre. De ble forbilder for den snekkertradisjon Paul førte videre.

**Oppvekst**

I 1879 ble Paul konfirmert som 15-åring. Han var med da Otdalens samtalelag ble stiftet i 1884 og var med til det ble avviklet i 1903. I 1886 skulle han avtjene verneplikt, men ble kjent tjenesteudyktig. I fripasset står det

at han hadde blå øyne, mørkt hår og, som et spesielt kjennetegn, en skjev misformet fot. Paul hadde klumpfot på det ene benet.

I årene 1887-88, mens Ivar Kleiven drev kveldsskole på Lalm, kom Paul ofte på besøk til denne. Som Forfang skrev i sin biografi om Ivar «…etter at skuletimane var over, frå klokka 10 og utover, hende det ofte at broren Paul Kleiven kom med fela, og dansen byrja.»(2) Paul var god til å spille fele og spilte ofte opp til dans.

**Kjærligheten**

I 1886, da Paul var 22 år, flyttet han til Sel. Det er trolig i denne tida at han første gang traff Kari Ulmo, fra Selsverket. De ble kjærester, men tilbrakte mye av tiden borte fra hverandre, for Paul dro etter hvert til Lillehammer og fikk arbeid der. Mens han var der skrev de mange brev til hverandre, men den store avstanden førte til at følelsene endret seg og forholdet opphørte i 1892. Det har ikke vært mulig å finne brev og andre nedtegnelser som vitner om kjærlighet og romantikk etter denne hendelsen. Paul forble derfor trolig ungkar hele sitt liv.



*Paul !*
*Er endnu paa Lhmr, men skal reise i morgen. Får god skyds lige til Selsverket.*
*Kommer altså hjem onsdag. Haaber at se deg paa Ulmo. Tar ingen grund til at udebli for gyldig. Skal prøve at ordne saa ikke blir noget ubehageligt for deg. Velkommen til Ulmo da.*
*Din Kari*
*22/1 - 92*

**Handelsmann**

På Lillehammer fikk Paul seg jobb som handelsbetjent hos kjøpmann O. Fagstad. Dette var en isenkramforretning som solgte det meste. Her stod han bak disken og solgte varer i flere år. I 1891 – 1894 var han lite hjemme på Lalm, men hadde god kontakt via brevskriving, særlig med Ivar. I årene 1892-1893 var han assisterende kjøpmann i butikken. Senere ble han handelsreisende og bodde i annen etasje på skolen på Lalm. Ved folketellingen i 1900 var han registrert som kommisjonshandler med bosted der.

## Kleivsetra




I 1902 flyttet Paul til Kleivsetra og bosatte seg der sammen med moren Brit og broren Ivar, som hadde bodd der siden 1898. Han lafta et toetasjes hus på setra, lagde innredning og skapte grunnlaget for å kunne leie ut rom til gjester. Hele livet snekret og hjalp Paul til med restaurering og annet forefallende arbeid både på Kleivsetra og for andre setereiere i området. Paul var en finsnekker med kreativ sans og evner til å skape noe med hendene. Han fikk etter hvert sitt eget verksted på setra og bidro med inntekter ved å snekre møbler og skjære ut gjenstander i tre og annet materiale. Ved folketellingen i 1910 var han registrert som treskjærer og gårdsarbeider med bosted på Kleivsetra. Paul var spesielt opptatt av norrøn mytologi og fant inspirasjon i bilder, brosjyrer og avisutklipp av møbler med utskjæring fra den tiden. Norrøn mytologi var et gjennomgående trekk i utformingen av tingene han lagde.

## Snekkeren



De første årene lagde han papirkniver, spisebestikk, tollekniver og jaktdolker, med eller uten utskjæring. Han lagde også en rekke kopper, sleiver, øltrøyser, speilrammer, mangletre og kavler, syskrin, kistebenker, vevskytler, brevpresser, lysekroner og lampetter.(3) Noe av det mest forseggjorte han lagde i denne første tiden på setra var bestikk og større kniver med utskårede håndtak av ibenholt og hvalrosstenner. Han brukte også reinsdyrhorn, som skaft til bestikk, for de som ønsket det. Strømmen av turister fra Kristiania til seterpensjonatet fikk etter hvert øynene opp for hva han kunne tilby.

De bidro til å sette ham i kontakt med bedrifter som kunne skaffe trevirke, beis, lakk og maling. Han bestilte smidde knivblader fra blant annet F.O. Andersen i Kristiania, men flere av hans kunder ønsket også kniver med hjemmesmidde blad. Han brukte særlig firmaet Wilhelm

Jordan til leveranser av skårede, høvlede og uhøvlede bord av amerikansk eik, teak og mahogny. Et annet firma var Rydtun og Co treimport som leverte «slavonisk eik».(4) Det var ikke alltid at de lokale sagene i Vågå og Sel kunne dekke hans behov for trevirke. Flokkasaga og Randsverksaga var likevel de sagene han kjøpte mest materialer og sagtømmer fra.

Etter hvert skaffet flere av turistene ved pensjonatet seg sine egne fritidssteder i Bøneslia og området rundt Melingen. Da fikk de bruk for inventar og hjelp til istandsetting av forfalne bygninger. Paul hjalp dem med det meste. Han snekret kjøkkenskap, kjøkkenbenker, hyller, og lagde utskårede gardinbrett og bostkast. Sittemøbler var det også behov for og han lagde krakker, enkle stoler, utskårede stuestoler, stoler med armlener, kubbestoler, sofaer, høgsetebenker, langbord og tilhørende bordkrakker. Noen av høgsetebenkene ble trukket med stoff. Vatt og ullstoff kjøpte han fra Gudbrandsdalens Ullvarefabrikk på Lillehammer. Papp og stifter fra Braaten på Lalm. Noen benker ble trukket med skinn. Senger, pulter, skrivebord, stuebord, spillebord, stabbebord, anretningsbord, servantbord og utebord lagde han også. Noen med rette, stive bein mens andre hadde utskårede buede bein i rokokkostil. Flere av de større gårdene i bygda som Øvre og Nedre Skaar, Bruvik, Søre Stade og Søre Snerle kjøpte både høgsetebenker og utskårede gardinbrett av ham.



Han lagde sin egen versjon av stabbebord og kubbestoler, som mang en seter- og hytteeier har i sin peisestue i dag. De lagde han av de store kraggfuruene i Bøneslia. Møblene ble levert med eller uten utskjæringer. De største, og kanskje flotteste tingene han snekret, var store stueskap, hjørneskap og veggskap.
En sommer fikk han låne et kamera av Elvira Schjoldager på Liasetra og da dro han rundt i bygda og fotograferte møbler på de store gårdene. Dette gav ham inspirasjon til å kopiere og lage sine egne versjoner med flotte utskjæringer. Han lagde mange stueskap av typen han kalte «setesdalskap med full bunad», men også flere «Skjåkolaskap» og «Veggumskap». Han var allsidig i sin produksjon og lagde så mange



gjenstander at det ikke har vært mulig å lage en fullstendig liste over alle. Jeg har fotografert mer enn 60 ulike gjenstander, og har fortsatt til gode å finne to som er likt utskåret. Paul var tydeligvis opptatt av å gjøre hver gjenstand unik og spesiell for den enkelte kjøper.

Mange av møblene ble levert beiset eller malt i flere farger. Paul var så travel med å lage møblene at han selv ikke hadde tid til å male dem. Det mange kanskje ikke er klar over er at broren Ivar også var involvert i arbeidet. Det var Ivar som malte alle møblene. Han fikk hjelp av sin gode venn maleren Kristen Holbø til å velge ut og sette sammen farger, men Ivar var stadig i tvil om valgene han hadde gjort. Siden han måtte blande fargene selv syntes han de av og til ble for lyse, andre ganger for mørke. Han skrev derfor til møbelkjøperne at han var villig til å male om igjen dersom de ikke var fornøyd. I et brev til Kristen Holbø, som hadde bestilt et skap, skrev han etter å ha slitt med å ferdigstille malerarbeidet; «uff, det ligger ikke for meg å være dekorasjonsmaler». (5) Ivar trivdes nok likevel med å male for han tok også på seg oppgaven med å male gulvene Paul restaurerte på setrene og hyttene i området.



Den norske Husflidsforening var også en av Paul sine kunder. I en periode lagde han tresleiver i mange ulike størrelser som de solgte videre. Husflidsforeningen var så fornøyd med arbeidet hans at han fikk 40,- kroner i stipend til å ta del i utstillingen i Frognerparken i Kristiania i 1914. De betalte ham også for å lage møbler som ble vist på utstillingen.(6)

**Bygningsarbeideren**
Det ble etter hvert mange oppdrag på Paul hos andre setereiere og hytteeiere: hjelp til å skifte gulv og tak, mure nye peiser og piper, male gulv og vegger, isolere og sette inn vinduer og dører, samt tjærebre hus. Han restaurerte særlig mye på Liasetra, Sandånebbsetra og setrene til Løberg og Nerlien på Saghaugen. Ved slike større prosjekter hadde han med seg hjelp av blant andre Thor Kleiven, Thorger Bakken, Hans Bjørnstad, Johs Nilssonløkken, Ole Skaar og Per Reiret.(7) Etter en brann på en av setrene fikk han ordnet med å få satt alt i stand igjen og han besørget både snekring og vasking. Ikke minst var han kontaktperson for alle de som ønsket å få ham til å skaffe hjelp til å vaske hyttene deres før de ankom og når de dro igjen. Da måtte sengetøyet vaskes og sengeklærne luftes så de ble klare til ny bruk. Ingeborg Reire og Anne Hovda ble ofte hyret inn av ham til å ta slike oppdrag. Selv sørget han for å fyre opp i stuene og gjøre det varmt til turistene kom på besøk.

Han tok også på seg større oppdrag som å flytte stabbur og stuer fra bygda og opp til Bøneslia. Det største oppdraget han hadde var å frakte et større seterhus fra Bøneslia til Maihaugen på Lillehammer. Paul og Ivar hadde ordnet det slik at Anders Sandvig kunne få kjøpe et eldre hus fra Teigsetra blant øversetrene. Dette var det eldste huset av sitt slag som fortsatt var intakt i Nord Gudbrandsdalen. Det er i dag et av de eldste husene i seteranlegget på Maihaugen. Paul var ansvarlig for å frakte det med hest til stasjonen på Sjoa, for deretter å få det sendt med tog til Lillehammer. Dette var i 1919.(8) Han var medlem av de Sandvigske samlingers venner i mange år etter det.



**Gårdsarbeideren**
Selv om ei seter ble regnet for å være halve verdien av gården var det utfordrende å skape en tilfredsstillende inntekt ved bare å leve av setra. På Kleivsetra hadde de ei rimelig stor kve som faren Jacob fikk dyrket opp i andre halvdel av 1800-tallet. Det var mye arbeid med å bli kvitt stein og endre kvea til noe mer enn man kunne forvente ved vanlig seterdrift. De hadde mellom 4 og 8 kyr på setra og slik fikk de dekket mye av behovet for melk og kjøtt. Noe særlig annet enn gress ble det likevel ikke til at de dyrket, men Paul høstet tidvis neper på egen kve. Selv om de hadde budeia Kari Bråthen som kokke og hushjelp var det Paul som hadde hovedansvaret for gårdsdriften og dyra. Han stod for vedhugst og slåttonn. I tillegg hadde han en ekstra jobb med måle nedbør og temperaturer for Det Norske Meteorologiske institutt. (9) Etter hvert som gjestene kjøpte seg egne setrer i området ble Paul involvert i driften av kveene der også. Særlig på Liasetra var han med og slo høyet hvert år. Til gjengjeld fikk han bruke høyet og kunne fore dyra med det. Han hadde en rutine med å gå en daglig tur til denne setra for å hente høy om vinteren. I 1910 fikk han feste på 30 mål kalt «Søsetermyrene», langs Bønesliveien, nedenfor der Sørlisetra og Stadelykkjesetra ligger i dag. (10) Han fikk drenert området og satte opp ei løe, men det ble aldri god dyrkamark der.



**Skogsarbeideren**
Paul tok på seg tynning og blinking av skog og hogging av bjørk til «brenneved» for de fleste som hadde seter i Bøneslia og omegn. Mange ville også ha kløyvd veden så den lå klar til de kom.

**Hundeelsker**
Paul var glad i hunder. Den første hunden de hadde på setra var Stella, en gjeterhund. Hun var med hver gang han var ute og gikk. Den andre

het Finn. Da den ble «mett av dage» i 1913 fikk han en ny hund. Den ble også hetende Finn. Grim, den siste hunden han hadde, var en svart puddel (11). Den var to år da han fikk den i gave av familien Schjoldager i 1917. Grim fulgte med ham nesten helt til han selv gikk bort i 1936.

**Post- og handelsmann**
Paul hadde ansvaret for å levere og hente post og han gikk fra setra til Lalm to ganger i uka. Samtidig fikk han kjøpt inn matvarer og annet de hadde behov for og fraktet disse inn til setra. Etter hvert ble han også mer og mer involvert i å skaffe proviant og andre saker til turister som gjestet Bøneslia. Særlig bidro han til å få bestilt varer hos Bragelien og Braathen på Lalm, slik at de stod klare når turistene ankom. Melk fikk de kjøpt på Kleivsetra. Mange ville gjerne ha sendt varer hjem i perioder når de ikke gjestet bygda, særlig ost var etterspurt. Blant andre forfatteren Aanerud bestilte en kasse med seks geitost som Paul skaffet på Melsetra. Mathias Reiret hjalp til med å hente ost og smør hos Snerle på gården nede i bygda. Han fraktet de til Otta og sendte de med toget videre. Noen bestilte poteter og egg, mens andre bestilte rakefisk og ørret fra Flatningen. Til gjengjeld sendte vennene kjøtt, blyanter, tegnestifter og bøker med mer tilbake. Vennen Øyvinn Hørven skaffet Paul vanlige briller med styrke +2 og arbeidsbriller med styrke +3 da han fylte 60 år.

**Fiskeren**
En av delikatessene som ble servert gjester på Kleivsetra var fersk ørret. Den var fisket i Melingen eller Flatningen. Paul var ivrig til å fiske og satte også garn. Av og til tok han med seg gjester ut i båten for å vise dem litt om det å fiske.



En dag otret han på Melingen med en bykar utenfor odden der Kleiven-naustet ligger. De fikk på en storfisk så spruten stod høyt i været. Da de fikk fisken opp i båten sa Paul; «dette var riktogt ein hval». Fisken veide seks kilo kunne Hjalmar Ymbjørgøyen fortelle for han var tilstede og så fisken da de kom i land.


*Paul og Hans på Kleivsetra.*

**Skribenten**

Det finnes mange hundre brev etter Paul i Nordalsarkivet i Vågåmo. Han var både skrivefør og flink til å formidle. I forbindelse med alle snekkeroppdragene var det mye praktisk som skulle ordnes både med å bli enig om hva som skulle lages, med hvilken utforming og til hvilken pris. Ikke minst det å få avtalt når det skulle stå ferdig og om det skulle sendes med tog fra Otta. Han hadde mye korrespondanse med setereierne. Særlig med å avtale restaurering og hjelp i skogen med tynning og blinking eller å få tak i virke til seterrestaurering og møbler som han lagde. Han hadde ansvaret for å avtale når de ulike gjestene skulle komme til Kleivsetra. Det meste måtte avklares via brevskriving.

Paul tok etter Ivars død i 1934 ansvar for å samle sammen de mange bruddstykker av arbeider som lå igjen etter ham. Han skrev sammen noen av dem og vi kan derfor finne igjen omtaler av setrer og annet i arkivet etter ham. Han skrev selv noen artikler; blant andre en om elggraver og en om eineren som vokste opp overalt der dyrene ikke lenger beitet. Paul formidlet også brev til Kristian Prestegård og Decorahposten etter Ivars bortgang.

**Avslutning**



Paul var en praktiker og et ordentlig arbeidsjern. Han var selvlært og man kan undre seg over hvordan han klarte å lage så mange flotte møbler og gjenstander uten bruk av dagens elektriske hjelpemidler. Han førte regnskaper og ordrelister, tok ansvar for matinnkjøp og postgang for livet på setra. Paul hadde med alle sine gjøremål en omsetning på høyde med inntektene pensjonatdriften gav. Av den grunn har Paul en stor del av æren for at Ivar kunne holde på med forfatterskapet og innsamlingen av historisk materiale frem til han fikk statlig støtte til arbeidet sitt. Til å være bror til en kjent lokalhistoriker og forfatter var Paul limet som sørget for at det var mulig for Ivar å leve det livet han gjorde. Det vi i dag kan se tilbake på av minner om Paul sitt virke er alle møblene han lagde. Det er imponerende alt han klarte å skape med egne hender på ei seter langt inne på fjellet før bilveien og strømmen kom dit.

Kildehenvisninger:


Nr 1 S.35 i minneskriftet om Ivar Kleiven fra 2004
Nr 2 S.21 i Gudbrandsdalens årbok for 1984, Halvard Grude Forfang
Nr 3 Almanakker fra 1903 – 1911 etter Paul Kleiven i Nordalsarkivet
Nr 4 Boks 7, ngv 145, Nordalsarkivet
Nr 5 Håndskriftsamlingen etter Ivar Kleiven, Nasjonalbiblioteket
Nr 6 Boks 7, ngv 145, Nordalsarkivet
Nr 7 Boks 8, ngv 145, Nordalsarkivet
Nr 8 Boks 8, ngv 145, Nordalsarkivet
Nr 9 Jutulen 2015, Måling av nedbør i Vågå og Sel frå 1895 til 1961
Nr 10 Boks 8, ngv 145, Nordalsarkivet
Nr 11 Skriftsamlingen etter Ivar Kleive, Nasjonalbiblioteket


*Bildene av Paul er utlånt av Nora Schjoldager, bortsett fra ett som er utlånt fra Nordalsarkivet NGV 145, boks 6. De andre bildene er fotografert av forfatteren. Brev og tegninger er kopiert fra Nordalsarkivet.*

# Hanna Resvoll-Holmsen

Av Unn Bostad

Systrene Thekla og Hanna Resvoll er begge født i Vågå (1871 og 1873). Dei vaks opp på Haugamoen i Vågå, der dei budde til dei var 7 og 5 år gamle. Etter den tid var Kristiania heimplassen deira. Foreldra var Hans Resvoll frå Nordherad i Vågå og Julie Deichmann frå Drammen.



*Haugamoen – barndomsheimen til Thekla og Hanna.*



*Fra barnedåpen til Hanna.*
*Fått av Leif Løchen.*

Far til Julie var stortingsmann Johannes Deichmann. Før mor Julie flytte til Vågå, var ho leiar for Magdalenastiftelsen (ein stiftelse som tok seg av «falne» kvinner). Både Hans og Julie var høgt respekterte på kvar sine felt.

I Jutulen, årgang 2014, skreiv eg om storesyster Thekla. Denne gongen skal eg skrive om den yngste av systrene; botanikar, vitskapskvinne, fotograf, naturvernar og lyrikar; Hanna Ressvoll-Holmsen.

Begge systrene kjente seg sterkt knytt til fjellet og fjellbygdene i Nord-Gudbrandsdalen. Dei gløymde aldri den sterke interessa mora hadde for

planter, eller den vakre blomsterhagen som dei hadde heime på Haugamoen. Både Thekla og Hanna ga uttrykk for at det var mora si interesse for natur og blomster som førte til den sterke interessa dei fekk for botanikk. At mora oppmuntra til lesning, forskning og utdanning, var og ei stor drivkraft, og ein viktig årsak til at dei begge vart botanikarar og pionerar innan faget.



Inga Bostad, sa i ei tale på Universitetet i Oslo i 2011 under utstillinga «Reale damer», der det vart lagt stor vekt på systrene Thekla og Hanna Resvoll: «Det er så mange historier, biografier og kvinneliv som kan inspirere oss, som kan få oss til å se at vi har forbilder å takke for her vi står i dag, at vi har akademiske ledestjerner som kan gi oss mot og lyst til å gå inn i fremtidens vitenskap – og kanskje kan denne utstillingen få oss til å være litt mer ydmyke overfor den innsats som disse første kvinnene innenfor realfag gjorde; fra å kle av seg skjørtene og designe egne buksedrakter, til å bryte akademiske konvensjoner, frå å innta laboratoriene og aksjonere for vern av naturen».

Draumen om å bli botanikar tok kanskje til med moras blomsterhage i den vesle heimen i Vågå. Men fleire års sjukdom i oppveksten og eit «mislykka» ekteskap tok mykje av ungdomstida til Hanna og ho fekk ein langt meire kronglete veg inn i akademia enn storesyster Thekla.
Det som heldt meg oppe heile denne sjukdomstida fortale Hanna seinare, var alle dei små vandringsturane mine – aleine, saman med blomster og tre og til forskjellige årstider. Først som 19 åring tok Hanna middelskuleeksamen, men etter berre eit halvt år som privatist gjekk ho ut med det alle beste resultat. Hanna reiste til Østerdalen og tok seg jobb som guvernante. Ho gifta seg med Hans Dieset og fekk sonen Per, men livet her vart ikkje berre lett for henne. Etter få år reiste Hanna tilbake til Kristiania. Her tok ho til med realfagstudier og hovedfag i botanikk – dette i ein alder av nesten 30 år.

4 år seinare, i 1907, fortalte studiekameraten Adolf Hoel at prins Albert av Monaco, planla ein ekspedisjon til Svalbard. Hanna vart svært

inspirert da ho høyrde om denne reisa og da dei mangla ein botanikar fekk ho vera med som forskar på denne ekspedisjonen. Kaptein Hjalmar Johansen, sette Hanna i land, utstyrt med telt, botaniserkasse, børse, fotografiapperat og framkallingsutstyr – ja, alt ein naturforskar trong for ein ekspedisjon i den kjølege arktiske sommaren. Hanna var den første kvinnelege norske forskar på Svalbard og målet var å studere dei biologiske forholda på øya.


*Thekla og Hanna.*

Alt året etter i 1908, reiste Hanna attende til Svalbard. Fyrste året vart ekspedisjonen finansiert av prins Albert av Monaco, men i 1908 finansierte Hanna turen sjølv, ved blant anna å arbeide som korrespondent for Aftenposten. I desse to åra fekk Hanna samla inn planter og undersøkt vegetasjonsforholda på ein rekke plassar rundt omkring på Svalbard. Prins Albert var ikkje berre oppteke av å få naturen utforska og kartlagt, han ga og Hanna råd om å satse på fargefotografering. Hanna var nok den første naturforskar som brukte fargefoto som dokumentasjon, og læremeisteren hennar var ingen ringare enn fotografen Anders B. Wilse.

Saman med Adolf Hoel arbeidde Hanna for å få fleire områder på Svalbard verna, og etter kvart fekk Hanna – Svalbards fyrste kvinnelege forskar – både ei elv, eit vatn og ei slette oppkalla etter seg.

Delar av ekspedisjonen på Svalbard vart utført saman med geologen Gunnar Holmsen, og det oppsto eit kjærleiksforhold mellom desse to. Hanna skriv brev på brev til sin kjære, og ho skriv og brev til kongen (17 juni 1909) og ber om «i underdanighet om tilladelse til at indgaa nyt egteskab». Hanna har funne mannen i sitt liv! Gunnar Holmsen – bror til Andreas Holmsen, som var gift med Thekla. Sommaren 1909 gifta Hanna Resvoll-Holmsen og Gunnar Holmsen seg i Tromsø.



*Hanna på båten ved sida av Hjalmar Johansen.*

Resultatet av arbeida på Svalbard resulterte i hovefagoppgava: Les Observations Botaniques de la Chmpagne scientifique de S.A.S. le Prince Albert i de Monaco. Sommaren 1910 var avhandlinga om det nordlege plantelivet ferdig. Hanna var den tredje i landet som fekk hovedfag i botanikk, og med dei beste karakterar. Hanna skreiv hovedfagoppgava si på *fransk!*

Det var ikkje noko stilling ledig på Universitetet da Hanna var ferdig med hovedfag så ho reiste til Vågå og Tesse – til bygda ho vaks opp i som småjente. Hanna hadde med seg den 6 år gamle sonen til Thekla som assistent – han fekk i oppgave å passe på så det ikkje kom gjester, når ho arbeidde i mørkeromet på setra ved Tesse. På dette forskningsarbeidet ved Tesse brukte Hanna «stikkprøvemetoden» frå 1909, det vil si ho klassifiserte planteområde, ved å ta 50 prøver med ei rame på ein kvadratdesimeter. Alle artane innanfor kvar enkelt rame viste grunnlaget for vekst. Alt vart nøye notert og ga grunnlag for statistikk.

I alt Hanna Resvoll-Holmsen skriv, finn ein ein underliggande kjærleik til naturen. Dette var ein verdi som sto sentralt hos begge desse to Vågåsystrene! Hanna som var den mest lyriske av desse to systrene skriv så vakkert i eit brev; *«Ind i alt jeg lever, glir det alltid noget derudefra, som et lidet duftfuldt vindpust fra lierne eller lyden af et bølgeskulp; det er gaaet mig i blodet alt dette, jeg komer aldrig væk derfra.»*

I 1915, 42 år gamal, vart Hanna statsstipendiat og ho vart ein del av det offisielle forskningsarbeidet på universitetet. I 1920 ga Hanna Resvoll-Holmsen ut 8 års imponerande arbeid frå fjellheimen;
«Om Fjeldvegetationen i det Østenfjeldske Norge»

Under eit feltarbeid i Jotunheimen fekk Hanna høyre om planar for utbygging av Gjende og Sjoa. Mange såg på utbygging av vannkraft som ei kjelde til framskritt og velstand, men Hanna gjev klart uttrykk for at ho skal gjera sitt for at utbygging – nei, det skal det ikkje bli noko av! Bredo Berntsen seier at det var i denne kampen at Hanna viste seg som vår aller første, moderne natur- og miljøvernar. Hanna Resvoll-Holmsen skriv frå 1916 og utover, mange og lange innlegg imot utbygging.
Ho held foredrag og tek kontakt med organisasjonar og stortingsmenn.
I ein kronikk i den Norske Turistforening si årbok i 1917 skriv ho dette:
*«Der for som en skræk i mig ved det eventyrlige syn. En skræk for, at industriens lange knoklede arm skulde stikke sig herind mellom fjeldene og øse av Gjendes smaragdgrønne vand.»*

I eit innlegg i Tidens Tegn skriv Hanna Resvoll–Holmsen:
*«Alle vi som har sett denne naturherlighet og beundrer den, naturvenner, naturforskere, kunstnere og turister, er vi ikke forpliktet til at gjøre hva vi kan for at beskytte Gjende? Kan vi ikke samle oss til en rungende protest mot at røre denne del av Jotunheimen.*



*Hanna i land på Svalbard.*

Hanna meinte av heile sitt hjerte, at uberørt natur var «av stigende sjælelig værdi for menneskeheten». Etter kvart fekk ho mange med seg i motstanden og i 1923 la myndigheitene regulering av Gjende og Sjoa til sides.



*Systrene ved forskningsbordet.*

Eg vil avslutte med nokre ord som ein tidlegare student av Hanna skreiv i minneordet om Hanna (Urd, 3. mars 1943):
« I de friske diskusjonene om alle slags emner fikk vi et klart bilde av Hanna Resvolls grunnsyn i alle spørsmål. Ikke alltid var hun like fornøyd med oss yngre. Hun innrømmet nok at vi viste kjærlighet til naturen, men hun syntes vi nød gleden ved vårt lands hellige natur vel meget som en selvfølge.
Hun ville vi skulde forstå at dette ikke var noe vi hadde fått en gang for alle. Hun ville vi skulle vise en mer bevisst vilje til å verne og bevare fedrelandets natur». Hanna Resvoll-Holmsen var inntil ho slutta på Universitet i Oslo (1938) dosent i plantegeografi. Ho var og innvalgt i Vitenskapsakademiet.




*Minnetavla i fjellhagen.*

Desse to flotte jentene frå Vågå hadde dei same yndlingsblomane – blomar som mora hadde i og rundt hagen i Haugamoen. I den historiske hagen i prestgarden i Vågå har vi laga ein liten «minnehage» over desse to systrene frå fjellbygda Vågå. I denne «minnehagen» har vi «ala opp» dei 5 yndlingsblomane deira; Fjelldronning eller Vianvang, Maiblome eller Fjellnøkleblom, Mogop eller Gjeitblome, Issolleie og Reinrose. Desse heilt spesielle blomane treng litt tid for å finne seg til rette i hagen, men det ser ut til at alle veks seg til. Det er mange som stoppar opp og beundrar «minnetavla»og ikkje minst lukta og synet av desse vakre fjellblomane. Vi, som «arbeider» i hagen ser det som viktig å formidle om desse to ledestjernene som bygda er så stolte av.

*Bilder frå Anne Resvoll Holmsen / Unn Bostad, skanna av UiO.*

# Kvilingsfjøset i Randsverk

Av Asbjørn Kvarberg

Kvilingsfjøset i Randsverk som tilhøyrer historielaget var kvilingssæter til Kleppe nordigard 143/1 (hovedsæter i Veoli) og Kvarberg uppigard 72/1 (hovedsæter i Griningsdalen). Det finst ikkje nokon sikker og samanhengjande historie om upprinnelse og vidare drift for kvingssætra, men skal her prøve å gjeva eit bilete på dette etter nedskrivi av Øistein Kvarberg og andre skriftlege kjelder – bl.a. «Vintersætring i Vågå», Fridtjof Isachsen utgjeve 1938.

I 1804 overdreg Paul Paulsen Blessum (nordre) en del av si sæterkve til felles kvilingssæter for desse to gardane. «Hvileplads for deres Kreature paa Hen og tilbakereisen mellom deres langt fraliggende Sætre». Sætra hadde ikkje hamnrett. Det vart etablert sæter med stugu, 2 lyu, som var delt med vegg på midten og fjøs, med plass til 28 naut, ungdyr og stall under til 10 hester. Sætra og plassen fekk namnet Nyhuskveea. Korleis dei ordna seg på burt og heimreise før denne tid kan ein berre undrast over sidan sætra til Kvarberg var i drift i Griningsdalen i 1723 – flytta frå Fuglesæter. Det var vel greit og overnatte under open himmel på reisene til vanleg sætertid.

Om det var vintersætring på tida mellom ca. 1723 og 1804 kan ein berre undrast over. Tida gjekk. I 1865 er «Nyhus Hvilsæter nevnt og hadde da vært fast bebodd i 14-15 år». Likeeins bruket nedanfor Nyhuskvea, Randsroen, – der Søre Randsroen vart kjøpt av Anders O Sandbu 1847 og Nordre Randsroen kjøpt av Tor Torsen Viste 1863. Eigarane nå som den gongen – same slekta etablerte seg her ca. 1875 (kjelde Jon Reidar Øvre). Det var også fastbuande på Tronhus og Skjellhaugen, opprinnelig kvilingssæter til Helle.

Like eins vart det fastbuande på Søre Vangen, kvilingssæter under Sandbu- uppigard søre 16/1. Ola P Vangen forpakta plassen frå 1907. Slo kvea 14 dekar på halvt. Det var Ola Vangen som også slo Nyhskvea til Kleppe/Kvarberg, med 1/3 del på kvar – for at dei som reiste fram

og attende skulle ha noko å gje dyra sidan dei ikkje hadde hamnrett. Men med fleire fastbuande nede i Randsverk vart Søre Vangen samlingsstaden når folk for burt og heim, men også om kveldane for dei som køyrde og overnatta på ei eller anna sæter. Mari og Ola Vangen selde kaffe. Dette førde til at enkelte hevda at stell av hestane vart forsømt når dei som kjørde vart opptekne med kortspel og sosialt samvær om kveldane. Storfjøset som det har vorte kalla, vart derfor flytta frå Nyhuskvea og ned til utkanten av hovedvegen – ut mot Rinda.

Ei lyu vart også flytta etter og sto på andre sida av vegen. Kva tid dette skjedde har vi ikkje noko sikkert om, men Erik Kvarberg 1883-1973 nemde det ikkje. Ny stugu vart tømra nede i Randsverk på første halvdel av 1930 talet av Hellelykkjekarane – Anton og Pål. Den gamle stugu vart fløtt først til Skjellhaugen, deretter over Rinda som husvære til Kari og Knut Åsen, feriehus i dag.

Ettersom sæterdrifta endra seg for å bli heilt burte på denne måten, vart også behovet for overnatting burte. I 1965 + -, saga derfor Kleppe tvers av stugu, og flytta delen sin til hovedsætra i Veoli. Vel 10 år seinare vart delen til Kvarberg flytta til Birisjøen. Nå står att berre ei lyu på Nyhuskvea. I 1973/74 skulle vegen frå Randsverk og innover utvidast, og fjøset sto heilt i vegkanten, sjå postkort. Eigarane «overdrog» fjoset til Vegvesenet som tok kontakt med Vågå Historielag. Planen var å få det over på den tomta det står på i dag før vinteren 1975, men vart eit år seinare grunna formalitetar med tomt. Utførande handverkar var Harald Lauvstad.

Kvilingssætra til Kleppe/Kvarberg vart vistnok aldri brukt til vinterlego som enkelte andre slike sætrer i Randsverk. Bruken vart da når dei for burt og heim, ei tid 4 gonger om året for kvar gard. I tillegg var det andre som fekk nytte husa når dei for. Like eins, når det vart slutt på vinterlego, for Kvarberg sin del i 1917/18 måtte ein del av høyet kjørast heim frå sætrene. Høyet vart pressa i buntar, på ca. 100 kg og det kunne vere opp mot 130 buntar. Kjørde som regel med 3 hestar, 2 karar, eine hesten gjekk som lausøyk dei kalla. Det vart derfor god bruk for overnatting både for hestar og kjørkarar. Så snart det kom bilar vart høyet kjørt berre til Randsverk, og enda litt nyare tid til Skobekkbua. Da rakk dei 1 vende for dagen frå sætra. To kjørde medan 3. personen var att i setra og pressa. Kven som var med på vinterlego har vi ikkje

skrivi opp burtsett frå at Ymbjørg Randen var med som budeie fleire vintrar frå 1901 og utover. Ho feira derfor fleire julekveldar i Griningsdalen. Namna på budeiene og underbudeiene frå 1920 og fram til 1952 da sætringa gjekk attende er skrivi ned. Mange av desse overnatta nok fleire neter i Randsverk på tur til eller frå sætra. Dei siste åra var det nokon som leigde buskapen som også hadde nokre kyr og geiter sjølve som var med. Mjølka vart kjørt til Russtangen med hest da ystinga vart slutt og det kom mjølkebil innover Sjodalen.



*F.v. nyhuset på søre Vangen, kvilingsfjøset i vegkanten, på andre sida av vegen sæterstugu til Sandbu og framme t.h. den halvparten av stugu som tilhøyrde Kvarberg. Fremst står kiosken som Petra Vangen (gift Kobbersletten) fekk sett opp og dreiv ca. 5 år.*



# Frå skog og koie

Av Jo Kåre Bakke

– Ja, eg kjem i hog han Elland, begynner Even Hagen, skogskar og hestekar som dreiv i almenningen i mange år, i tillegg til småbruket.
– Dæ va skiré kar, så sikkert som fredagskvelden kom, så bada han.
– Bada?
– Ja, han hadde tå seg kav nedåt belte og vaska heile overkroppen, gut!
– Va det så voldsomt da?, undrar eg.
– Å ja, det gjekk mykje vatn, veit du!

– Når oss prata um vatn så kjem eg (Even) i hog ein haust eg og John Mork kom burtover åt Sjolin og skulle lynne timber.



*Tømmerkjøring i almenningen. Foto frå Arild Bergli, Vågå historielags fotoarkiv.*

Han Ola og han Alfred hadde liggji der på vedahogst.
Alfred hogde og Ola kjørde.

Ola begynte å bli noks gåmeil dæ bele, ca 70 år, og hadde slik gammelmeinshoste. Framfor seingen hadde han lagt te aviso som han spytta på um natten. Da oss kom, var det ein bra stabbe med aviso framved seingen, og burtved døre sto det ei skål med vatn. De va ei mus der som måtte ha vatn, sa Ola.

– Å, det var ei frykteleg bule ser du, dessa gammelkarein var ikkje så nøye på det. Ja nok om det, eg kokte vatn og blanda te riktogt stærkt grønsåpvatn. Men det va ein frykteleg vask. Da eg kom burtåt seinga vart golvet så seigt at det va umtrent som lim. Det var ikkje støtt han trefte avisa, da veit du. Det som vart redningen var å bera inn sjog og sope ut att. Medan eg dreiv med dessa, dreiv han John og rydda i skåpom. Der var det fullt med muslort og for gåmeil mat, og viss eg ikkje miskjemihog så drap oss 13 mys der, med stort og smått.



*Tømmerkjøring i almenningen. Foto frå Arild Bergli, Vågå historielags fotoarkiv.*

**Doktering av hest og folk**
Even hadde det med å overdrive når han dokterte seg, fortel John.
– Eg gløymer ikkje eingong bortpå Steinholet. Even fekk voldsomt til huguilske og feber, så han måtte reise ned i bua att fyrst på dagen. Da han kom dit kokte han seg vatn og blanda seg ein stor spillkum med pons (heimbrent, sukker og vatn), og oppi dette rørte han ut det som var att i ein ask med Globoid. Sikkert 10 tabletter. Attpå dette tulla han seg ned i senga og somna.

– Om kvelden da dei andre var innattkome begynte dei å bli urolege for han. Det nytta ikkje å få liv i han, og sengekledene var heilt igjennom blaute av sveitte. Somme begynte å ymte om at det kanskje var best å få ti doktor, men det var ikkje i snøggheiten å få tak ti doktor der borti. Det var 1,5 mil til nærmaste telefon, og dei hadde berre hest eller ski som framkomstmiddel.



*Tømmerkjøring i almenninga. Foto frå Arild Bergli, Vågå Historielags fotoarkiv.*

Even vakna da omsider oppatt før dei fekk tak i doktor. Og etter som han seier sjølv så var han spent like god dagen ette, og var full kar att. Men eg trur ikkje oss skal anbefale denne, skal vi si hestekuren, vidare.

Even hadde ein hest som var så lei til å trå seg. Dei hadde dyrlegen fleire gonger til denne hesten, men det vart kostbart etter kvart, så dei begynte å doktere han sjølve. Dei prøvde mykje rart, men det var lite som hjalp. Hesten tro seg like forbanna. Etter kvart vart hesten oppmerksom på at når det lufta Kreolin så betydde det operasjon. Så dei måtte slutte å ta med seg Kreolin-flaska inn i stallen, for da slo hesten så flisene fauk.

Endin på visa vart at dei kjørte hesten borti ei snøfonn, reiva fast foten i eine skåken og velta heile hesten i koll. På den måten fekk dei stelt tråsåra hans. Det høyrest brutalt ut, men det var av største betydning at dei fekk renska og drenert såra hans. Og etter som John og Even seier, så sette det seg ikkje gale i ein einaste gong.



*Frå almenninga ca. 1919. Tor Raastad til venstre.*

# Vågå Historielag: Årsmelding 2016

**Arrangement**
Historielaget har hatt fleire foredrag / kveldsseto i Jutulheimen. Ivar Teigum heldt foredrag om vatningshistoria i Nord-Gudbrandsdalen, medan Gunnar Sandbo har prata både om tidleg turistfart på Svalbard og om posthistoria i Vågå. Kjell Voldheim og Terje Kleiven tok for seg Sagflaten, Bårstad og koparverket på Sel. Historielaget arrangerte lansering av Årbok for Gudbrandsdalen der Hans Sandviken prata om Tor Jonsson. Ola Grøsland viste bilder og fortalde om Island, medan Ole Kristian Ødegård prata om skiproduksjon og Jo Gjende. Også dette året var det seterkveld med film og gamle lydintervju om setring i gammal tid. Fleire av arrangementa har vore i samarbeid medandre lag. Historielaget har hatt fleire arrangement utanom Jutulheimen også. Dette var fottur til Nistingen, tur til Gjende med stopp ved eigedommane til historielaget og til Selsverket for å sjå på gammalt vatningsutstyr. Historielaget var med på døladag på Maihaugen og var medarrangør av Magnus Berg-seminar på Sel.

**Jutulheimen**
Det er Gudbrandsdalsmusea as som står for drifta av Jutulheimen.
Vågå Historielag er aksjeeigar i Gudbrandsdalsmusea as og er aktivt med i planleggjing og drøfting av drift og utstillingar. Gudbrandsdalsmusea har siste året gjordt eit omfattande arbeid med gjenstandsregistrering. Historielaget står for vedlikehald. Med støtte frå Stiftelsen UNI er det utført opprusting av elektrisk installasjon og utskifting av el.omnar i Sundstugu. Delingsvegg på scena er kledd med gammal panel. Nytt gjerde mot vegen er i stand, og det er sett opp trådgjerde rundt tunet slik at sau kan hamne området som ikkje er brukt.

**Prestgarden**
Paktarbustaden har vore bortleigd som bustad medan delar av hovudbygningen er utleigd til husflidslaget. Husflidslaget har stor aktivitet der, og har også hatt opne arrangement. Det er utført isolering av loftet i hovudbygningen samt restaurering av inngangspartiet med trapper og dører. Fylkeskommunen har gjeve støtte til dette. Vognskjulet er rydda og det er lagt nytt golv for å ha lager bl.a. til hagemøblane. Området rundt eldhuset er tilsådd. Mykje av arbeidet er utført på dugnad.

**Prestgardshågein**
Hagegruppa i historielaget har utvikla urtehagen vidare, tilskot frå Sparebankstiftelsen har finansiert dette. Det er organisert ei gruppe som har ansvar for stell, luking, vatning mm., det er fordelt ansvar for kvar veke. Også plenklipping samt raking og rydding både i hagen og på tunet er utført på dugnad. Det har vore omvisning av mange grupper denne sommaren, hagegruppa har brukt Studeren i samband med dette.

**Laget ellers**
Frå årsmøtet 9. mars 2016 har styre vore dette: styreleiar Knut Raastad, nestleiar Dag Aasheim, styremedlemmar Bjula Ulsletten, Even Luseter og Randi Damstuen, varamedlemmar Jonny Brenden, Håkon Ulsand, Reidun Sønstelien og Harald Sve Bjørndal. Det har i året vore seks styremøter, og varamedlemmane møter på lik line med styremedlemmane. Laget har 410 medlemmar.

God oppslutning om frivillige medlemspengar gjer utgjeving av årsskriftet Jutulen mogleg med utsending til alle medlemmane, i tillegg er heftet utlagt for salg. Historielaget kostar pynting av gravene til Ivar Kleiven, Trond Eklestuen og Jo Gjende. Innsamla gamle bilete blir utlagt på heimesida vaagaa-historielag.org. På heimesida er det oppretta ei mappe med gards- og slektshistorie.

Pulløybua er bortleigd som anneks til nabohytta. Nordheradsprosjektet disponerer Flåten og har rekonstruert fjøset der. Med finansiering frå kulturminnefondet er det gjordt arbeid med frågraving og oppjekking av kvilingsfjoset i Randsverk. Det er i året gjordt ein del mindre vedlikehald av buene ved Gjendeosen. Buene har ved fleire høve vore framvist for turistar. Buene vil kunne lånast ut til historielags-medlemmar.

Styret takkar samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelp og støtte i året 2016.

Foto neste side:
*«Gjendeoset sett fra solsiden» står det på dette bildet frå 1800-talet.*
*Ved Hellebua står det eit naust som nå er borte, kjøkkendelen av Klonesbua står som ei eige bu og naustet til høgre er ikkje ombygd til «Studio».*
*Foto frå Magnhild Holø, Vågå historielags fotoarkiv.*



